



Ørskog Sparebank

- *tid til deg*

Årsrapport 2024



Viktige hendinger:

- Fallende inflasjon, stabil styringsrente og framleis svak kronkurs preger norsk økonomi
- Store endringar i Eika; Eika Forsikring blir ein del av Fremtind, og Eika Kredittbank fusjonerer med Sparebank1 Kreditt
- Svindel og phishing påfører banken tap og mykje arbeid
- Innført Apple Pay og Vipps Pay
- God vekst i spareavtalar og fondssparing
- Godt sal av forsikringsavtalar
- Utvida rådgjevingskontor på Moa
- Tidens beste årsresultat

Styret:

Styreleiar: Torstein L. Stavsen
 Nestleiar: Arne Jan Sollid
 Styremedlem: Hans Fredrik Furstrand
 Styremedlem: Silje Bruun Teigen
 Styremedlem: Ingegjerd Eidsvik
 Styremedlem: Siw K. Pek (tilsette sin representant)
 Varamedlem for ansattrepresentant: June C. Os
 1. varamedlem: Wenche Brandal Lehre
 2. Varamedlem: Norman Henning Hole

Forstandarskapen:

Innskytarvalde	Runa Klock	Valde av tilsette
Torbjørn Fylling	Sturla Stavsen	Petter Vinje
(leiar)	Thea Elise Vestre	Vegard Hafredal
Arild Bakken	Aasen	Sindre Tennfjord
(nestleiar)	Kjell Petter Braute	Anne-Grete Refsnes
Christina Eide Stær	Jeanette Am dam	Tennfjord
Kjetil Sævik	Johansen	
Arild Kåre Hjelte	Janette Roelfs	
Rune Westerås		

Hovudtal

Resultat (1.000) kr	2024	2023	2022	2021	2020
Netto renteinntekter	89.094	83.715	66.651	51.829	50.164
Provisjonsinntekter	21.271	18.104	20.132	21.549	18.472
Tap og nedskrivinger	2.770	5.843	3.362	3.602	3.309
Resultat før skatt og etter tap	54.170	44.846	37.855	30.541	23.104
Resultat etter skatt og tap	42.144	34.632	29.361	23.615	18.427
Balanse (mill kr.)	2024	2023	2022	2021	2020
Utlån	3.252	3.149	2.935	2.673	2.538
Lån plassert i Eika Boligkreditt	1.066	956	899	828	649
Innskot	2.786	2.653	2.490	2.170	2.090
Forvaltningskapital	3.820	3.664	3.448	3.120	2.995
Bokført egenkapital	466	432	397	359	336
Nøkkeltal	2024	2023	2022	2021	2020
Kostnader i % av inntekter eksl. Verdipapir	49,38 %	53,41 %	55,67 %	57,69 %	65,28 %
Tap i % av brutto utlån	0,09 %	0,19 %	0,12 %	0,13 %	0,13 %
Res. F. skatt i % av GFK	1,45 %	1,27 %	1,15 %	1,00 %	0,80 %
Eigenkapitalavkastning	8,55 %	9,64 %	10,70 %	6,57 %	6,30 %
Kapitaldekning (ukons.)	27,90 %	22,68 %	23,14 %	22,39 %	21,85 %
Rein kjernekapitaldekning (ukons.)	23,77 %	18,45 %	18,51 %	19,96 %	19,37 %
Misleghald over 90 dagar i % av utlån	0,18 %	0,14 %	0,15 %	0,33 %	0,49 %
	2024	2023	2022	2021	2020
Utlånsvekst inkl. Eika Boligkreditt	5,18 %	6,87 %	9,46 %	9,94 %	8,44 %
Innskotsvekst	5,01 %	6,54 %	14,73 %	3,81 %	6,36 %
Bemanning	2024	2023	2022	2021	2020
Antal årsverk	25,6	23	23,3	22,3	20,3

2024 – Stabilt gode resultat og god utvikling i banken



2024 har vore eit godt år for Ørskog Sparebank. Dette skjer grunna godt arbeid frå bankens tilsette i ein stabil makroøkonomisk situasjon med høgt rentenivå. Det gode resultatet gjer at vi styrker vår finansielle posisjon og kan utvikle oss vidare framover. Bankens tilsette jobbar hardt med å gi god rådgeving til både gamle og nye kundar, og eg meiner vi leverer på vårt kundeløfte «tid til deg». Ein liten, nær og personleg bank som er til stades for kundane ved små og store livshendingar. Med korte beslutningsvegar bidreg vi som støttespelar til små og mellomstore verksemdar som skapar verdiar og arbeidsplassar på nordvestlandet.

Det økonomiske resultatet bidreg til å bygge bankens kapitalbase ytterlegare. Dette er positivt både for bankens økonomi, og for lokalsamfunnet.

Ørskog Sparebank er ei sjøveigande stifting utan eksterne eigarar, og det betyr at det er lokalsamfunnet sine verdiar som aukar når vi tener pengar. Bankens reise dei siste 170 åra, er frå eit kornmagasin i 1857 til ein sparebank med ein eigenkapital på nær ein halv milliard kroner i 2025, og 25 tilsette. Gjennom den tida har Noreg gått frå å vere eit fattig jordbrukssamfunn til å bli eitt av verdas rikaste land, og sparebankane har vore ein bidragsytar til denne utviklinga.

Banken må vekse for å bygge kapital til å kunne finansiere nye prosjekt og bustader, og vi har i 2024 lukkast med strategien vår om lønsam og kontrollert vekst. Også i 2024 har vi hatt positiv utvikling på mange områder, og skal jobbe vidare framover for å vere ein robust, skikkeleg og god samarbeidspartner for våre kundar. Vi har utvida kontoret vårt på Moa, og gjennom god rådgeving og konkurransedyktige vilkår skal vi vekse vidare med nye kundar.

Når det går bra med banken så skal det også merkast i lokalsamfunnet. Vi deler difor i år ut eit rekordhøgt beløp i gåvemidlar til lag og foreiningar i bankens nedslagsfelt. Midlane bidreg til at små og store prosjekt kan bli realisert, at lag og foreiningar kan drive sin aktivitet og at det er bu-lyst og aktivitet i distriktet vårt.

Det har ikkje blitt enklare å drive bank dei siste åra. Strengare regulatoriske krav, meir rapportering og auka kompleksitet i regelverket stiller enda sterkare krav til bankens verksemdsstyring og kostnadskontroll. Krava til dokumentasjon og etterleving blir stadig strengare, og det er ei utvikling som ikkje ser ut til å ta slutt med det første. For å kunne innfri dei omfattande krava som følger av å drive ei konsesjonsbelagt verksemd samarbeider vi heller, enn å slå oss saman med ein annan bank i ei større eining. Det er difor heilt sentralt i bankens strategi at vi skal delta i Eika-alliansen, for å halde på sjølvstenda til Ørskog Sparebank. Eg vil derfor nytte dette høvet til å rette ei stor takk til dei dyktige medarbeidarane i Eika som arbeider for å styrke lokalbankane rundt om i Noreg.

Eg vil også takke dei tilsette og dei tillitsvalde i dei ulike formelle organa i banken. Grunna deira engasjement, innsats og entusiasme skal vi halde fram den gode utviklinga banken er inne i. Saman er vi sterke, og saman skal vi syte for at Ørskog Sparebank er ein solid, konkurransedyktig og sjølvstendig bank også i åra framover.

Eirik Kavli, Banksjef

Årsmelding frå styret for 2024

Dette er Ørskog Sparebank:

Ørskog Sparebank er ein sjølvstendig sparebank med hovudkontor på Sjøholt i Ålesund Kommune og med eit rådgjevarkontor nær handelssenteret Moa utanfor Ålesund. Banken tilbyr rådgjeving innanfor banktenester, økonomisk framtid og trygghet og har ein strategi om å skape lønnsam og berekraftig vekst. Banken har 25 tilsette og er ein bank i Eika-alliansen.

Banken blei stifta i 1857 og har ei lang historie der nøktern drift, samfunnsansvar, personleg kundeoppfølging og samarbeid står sterkt. «Tid til deg», er banken sitt kundeløfte og representerer viktige prinsipp som kundane skal nytte godt av. Banken sine verdier er Stolt, Engasjert og Til stede.

Ørskog Sparebank er ein sjølvstendig og i norsk samanheng liten sparebank med eit breitt tilbud av produkt og tenester. Banken si hovudmålsetjing er å vere nær kundane og gjennom god rådgjeving skape verdier for ei betre framtid. Banken har som mål å bestå som ein sjølvstendig bank gjennom lønnsam, berekraftig og balansert vekst. Banken er lokalisert med hovudkontor i Sjøholt sentrum og eit rådgjevingskontor på Moa. Banken er organisert som ei sjølvveigande stifting der ein har full styring på banken sin kapital, og der alle vedtak vert gjort lokalt.

Banken sitt primære marknadsområde er i tillegg til Ålesund kommune kommunane kring Storfjorden, Vestnes kommune og randsona rundt Ålesund. Av utlån på eigen balanse er 74,16 % av låna til kundar i desse områda.

77 % av banken sine balanseførte utlån er til personkundemarknaden, medan dei øvrige låna er gjevne til bedriftsmarknaden. Om ein inkluderer utlån plassert i Eika Boligkreditt, er andelen 83 %.

Banken er oppteken av å medverke til samfunnsutvikling og bu-lyst i regionen, og har også i 2024 teke del med midlar og ressursar til verdiskaping innanfor dette området.

Rekneskapan 2024

Ørskog Sparebank har i 2024 oppnådd eit resultat før skatt etter tap på kr. 54,1 millionar mot kr. 44,8 millionar i 2023. Resultat etter skatt og tap vart kr. 42,1 millionar mot 34,6

millionar i 2023. Dette er det beste resultatet i banken si historie.

Nedskrivning av banken sine aksjar i Eika Gruppen og andre tilknytte selskap, gir eit samla totalresultat for året på kr. 38,5 millionar mot 39,9 millionar året før. Dette gir ein eigenkapitalavkastning i 2024 på 8,55 % mot 9,6 % i 2023.

Rentenettoen har vore stabil i 2024, og endte som i fjor på 2,37 %. Trass i sterk konkurranse innanfor skadeforsikringsområdet bidrog høg aktivitet ut mot kundane til at dei samla provisjonsinntektene auka, og endte på kr. 21,2 millionar mot kr. 18,1 millionar i fjor.

Banken sine innskot frå kundar auka i 2024 med kr. 133 millionar. Dette gir ein vekst på 5 %. Utlån inkludert lån plasserte i Eika Boligkreditt auka med kr. 110 millionar som tilseier ein årsvekst på 5,18 %. Dei samla utlåna passerte kr. 4,3 milliardar og banken sin forretningskapital er pr. 31.12.2024 på kr. 4,9 milliardar og inkluderer låna som er plasserte i Eika Boligkreditt.

Banken har ein rein ukonsolidert kjernekapitaldekning på 23,77 % pr. 31.12.2024 mot 18,45 % året før.

Rekneskapsprinsipp

Banken nyttar rekneskapsstandarden IFRS.


Ørskog Sparebank eig 73,91 % av Sjøholt Næringsbygg AS som igjen eig næringsbygget i Sjøholt sentrum. Selskapet er eit eigeomsselskap med ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Selskapet har ingen tilsette. I rekneskapan til banken er selskapet definert som eit dotterselskap. Verksemda er vurdert som ubetydeleg i denne samanhengen. Dei fleste tal som er kommentert i årsrapporten, er difor knytt til banken sin aktivitet. Konserntal er berre tatt med i dei notane der det er naudsynt.

Ørskog Sparebank er aksjonær i Eika Gruppen AS, Eika Gruppen og Eika Boligkreditt. Banken er ein av alliansebankane i Eika Alliansen som består av 46 lokalbankar.

Banken plikter å gjennomføre førehaldsmessig konsolidering av eigarandelar i finansføretak som deltek i ei samarbeidande gruppe. Dette kjem fram i utrekning av soliditet i note 4.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter vart på kr. 89,1 millionar i 2024 mot kr. 83,7 millionar i 2023.




Norges Bank har holdt styringsrenta stabil på 4,5 % gjennom heile 2024. Frå 2021 vart styringsrenta heva frå 0 % og alle renteaukane har styrka banken sin rentenetto dei siste åra. Det er banken sin innskotsmargin som er styrka gjennom denne perioden, medan utlånsmarginen har vore stabil.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester vart i 2024 på kr. 21,2 millionar. Dette er ei auke frå kr. 18,1 frå 2023. Provisjonsinntektene frå Eika Boligkreditt har stabilisert seg, etter at den kraftige renteoppgangen i marknaden dei siste åra har blitt reflektert i kundevilkåra.

Banken erfarte i 2024 ein skjerpa konkurransesituasjon på forsikringstenester, og har hatt litt svakare porteføljevekst enn budsjettert. Banken legg vekt på heilskaplege kundeforhold der kundane samlar alle sine bank- og forsikringsbehov i Ørskog Sparebank og inntektene er viktige for banken sine resultat.

Banken sine kundar har gjennom året spart meir utanom tradisjonelle sparekonto, og har ei aukande portefølje av aksje-, rente- og kombinasjonsfond. Banken registrerer vekst i inntektene frå provisjonar og gebyr for verdipapirforvaltning. Banken ser effekt av Eika sine gode digitale løysingar, som gjer at kundane kan kjøpe og selje fond sjølve.



Utbytte og andre inntekter av verdipapir

Utbytte og andre inntekter av verdipapir vart kr. 2,6 millionar mot kr. 3,7 millionar i 2023. Dette er i hovudsak utbytte frå Eika Gruppen og Eika Boligkreditt der banken er deleigar.

Banken har auka sin eigarandel i Eika Gruppen dei siste åra, og eig pr. 31.12.2024 0,71 % av aksjane i Eika. Dette er ei strategisk investering for banken der vi er med på å sikre utvikling av ein sterk bankallianse som støttar opp under Ørskog Sparebank si framtidige utvikling.

Banken si obligasjonsportefølje, som er ein del av banken sin likviditetsberedskap, utgjør ved årsskiftet kr. 308 millionar mot kr 291 millionar året før. Svingingar i marknaden, eit stigande rentenivå og nedskrivning av finansielle eigendeler har totalt sett ført til eit netto verditap på kr. 0,5 millionar i 2024 mot null i 2023.

Andre driftsinntekter

Dei øvrige inntektene, i hovudsak husleigeinntekter, var uendra i 2024 på nær kr. 0,6 millionar.

Verdiendring

Fremtind og Eika Forsikring fusjonerte i 2024. Grunna denne transaksjonen og ei påfølgande verddivurdering har banken i 2024 banken skrive opp verdien av aksjeposten i Eika Gruppen. Saman med øvrige verdiendringar er dette ført over utvida resultat og utgjør akkumulert sett kr. -3,6 millionar.

Kostnader

Konsumprisindeksen auka med 2,3 % gjennom 2024. Dette er litt lågare enn prisveksten i 2023 som endte på 5,5 %. Dei siste åra har det totalt sett vore ei stor kostnadsauke i samfunnet som også treff banken når det gjeld kjøp av varer og tenester.


Kostnadene utgjorde i 2024 49,4 % mot inntektene. Dette er ei betring frå 53,4 % førre år. Kostnadsgraden blir utrekna ved å dele sum driftskostnadar før tap på summen av netto

renteinntekter og andre driftsinntekter. Utbytte og netto verdiendring på finansielle instrument er ikkje med i utrekningane.

Løns- og administrasjonskostnader vart i 2024 kr. 53,5 millionar mot kr. 53,8 millionar i 2023. Endringa skuldast fleire forhold:

Dei siste åra har det vore eit auka trykk på aktivitetar innanfor rapportering og etterleving av regelverk. Særleg innanfor området anti-kvitvasking bruker banken mykje tid og ressursar på å sikre at krava i lovverket blir haldne. Banken opplever auka arbeidsmengde i form av rapportering til offentlege organ, auka dokumentasjonskrav og brukar meir ressursar på dette området enn tidlegare. Banken har gjennom 2024 leigd inn en ekstern ressurs til anti-kvitvaskingsarbeid, og erstatta denne ressursen med eit nytt årsverk som starta i 2024.

Det har dei siste åra vore store IT-investeringar frå Eika Alliansen i nye dataprogram og system som skal tilfredsstillere framtidige krav til effektiv saksgangs- og låneproduksjonssystem. Banken gjekk over til TietoEvry si kjerneplattform i juni 2023. Skiftet av IT leverandør var ein ressurskrevjande og kostbar prosess for banken, som forklarar deler av IT kostnadane i 2023.



Banken erfarer no føreseielege IT kostnadar og ser stadig positive effektar i form av lågare IT kostnadar frå 2024, auka effektivitet og lågare tidsbruk på området.

Styret følgjer tett opp kostnadsutviklinga og administrasjonen arbeider kontinuerleg med å auke effektiviteten og å betre kostnadsnivået.

Svindel

Gjennom dei siste åra har banknæringa erfart ein eksplosiv auke i svindel, der kriminelle gjennom ulike metodar manipulerer bankkundar til å gje frå seg kodar til bankID. Tapa knytt til svindel blir ført som ein driftskostnad, og banken har i 2024 bokført tap på ca. kr. 462.000,- knytt til slik svindel. Tapet utgjorde i 2023 kr. 280.000,-


Saman med Eika Gruppen er det gjort store investeringar i IT system som skal hindre slik svindel, og banken ser allereie positive effektar av programvarene. Men ei stor utfordring er at svindlarane lærer, bruker ny teknologi og heile tida utviklar nye metodar for å få tilgang til kundane sine bankID kodar.

Banknæringa jobbar i lag med fleire tiltak for å auke kundane sitt digitale sjølvforsvar, mellom anna med informasjonskampanjar, reklame og kommunikasjonsmateriell som bankane nyttar ut mot sine kundar.

Styret har vore opptatt av at banken skal vere proaktiv i sin kommunikasjon ut mot kundane, og jobbe for å auke kompetansen knytt til svindel. Banken har difor gjennomført fleire informasjonskveldar og temamøte om svindel også i 2024.

Tap

Bokførte tap på utlån og garantiar utgjorde netto kr. 2,8 millionar mot kr. 5,8 millionar året før. Dei bokførte tapa utgjorde 0,09 av brutto utlån i 2024 mot 0,19 % i 2023. Beløpet er sett saman av endringar i modellutrekna tap, konkursar, men også inntektsføring av tidlegare tapsavsetnader. Sjå note 11.



Styret erfarer at banken jamt over har ei sunn utlånsportefølje, men at makrosituasjonen dei siste åra tilseier at det har vore rett å gjere tapsavsetnader på ein skilde låneengasjement. Utviklinga i 2024 synes at kundane har handtert auka renter og prisstigning betre enn venta.


Misleghald

Definisjonen på misleghaldne og kredittforringa lån vart endra i 2021. Den nye definisjonen er del av European Banking Authority sine retningslinjer for korleis bankar skal nytte misleghaldsdefinisjon i kapitalkravsforordninga (CRR), samt presiseringar i CRR/CRD IV forskrifta. Av denne årsak er ikkje historiske tal i tabellen direkte samanliknbare med tidlegare år, men gir

likevel uttrykk for at omfanget er på eit lågt nivå.

Banken erfarer også i 2024 lågt omfang av misleghald. Pr. 31.12.2024 er det 2 kundeengasjement med lån eller kredittar på til saman kr. 5,9 mill som er misleghaldne i meir enn 90 dagar. For begge engasjementa er det tapsavsetnader og sikkerheit i fast eigedom som gjer at banken ikkje ventar å bli påført ytterlegare tap.

Samla utgjer dette 0,18 % av brutto utlån mot 0,14 % i fjor. Banken jobbar tett med kundane, og følgjer nøye opp restansar og overtrekk.



Kredittforringa lån

Brutto kredittforringa lån til privatmarknaden er på kr. 5,9 millionar (14,2) millionar som tilseier 0,18 % (0,45) % av brutto utlån. Dei kredittforringa låna er sikra med pant i fast eigendom, og banken ventar avgrensa tap frå desse engasjementa.

Mellom banken sine bedriftsmarknadskundar er det særleg aktørar knytt til bygg og anleggsnæringa som er råka av lågare aktivitet og pressa marginar. Banken har låg eksponering mot næringa, og har svært avgrensa utlån knytt til oppføring og sal av bustader. Banken arbeider grundig med oppfølging av den mest risikoutsette delen av porteføljen, og har tett dialog kring utvikling av likviditetssituasjonen hos desse føretaka.

Banken har i 2024 gjort fleire individuelle tapsavsetnader på eit større omfang av kundar, samt registrert dei som kredittforringa i samband med at det er ytt avdragsfritak eller liknande.

Brutto kredittforringa lån til bedriftsmarknaden er på kr. 33,7 (38,1) millionar som tilseier 1,03 % (1,21 %) av brutto utlån.

Summen av netto kredittforringa engasjement frå bedrifts- og privatmarknaden var på kr. 32,5 millionar mot kr. 42,8 millionar i 2023. Dette utgjer 1,00 % av netto utlån i 2024 samanlikna med 1,37 % i 2023. Sjå note 8.

Styret følgjer tett opp porteføljeutviklinga kvar månad. Styret meiner at dei tapsvurderingane som er gjennomførte, og dei nedskrivningane som er gjort, er tilstrekkelege for den tapsrisiko som er i banken sin låne- og garantiportefølje.


Balansen

Banken sin forvaltningskapital auka med kr. 156 millionar, som tilseier ein årsvekst på 4,3 % til kr. 3,8 milliardar pr. 31.12.2024. Tilsvarende var det i 2023 ein auke på kr. 216,2 millionar som tilsvara 5,9 %. Banken sin forretningskapital, definert som summen av banken sin forvaltningskapital og utlån som er plassert i Eika Boligkreditt, utgjorde kr. 4,8 milliardar pr. 31.12.2024, mot 4,6 milliardar i 2023. Dette tilseier ein auke på 5,7 %.

Utlån

Banken sine totale utlån i eigen balanse auka med kr. 103 millionar, tilsvarende 3,3 % til kr. 3,2 milliardar pr. 31.12.2024. Tilsvarende var det ein auke i 2023 på kr. 206 millionar og 6,6 % målt mot føregåande år. I sum har banken ved utgangen av 2024 lån for totalt kr. 1.066 millionar plassert i Eika Boligkreditt.

Om ein inkluderer Eika Boligkreditt har dei totale utlåna auka med kr. 212 millionar tilsvarende 5,2 %. Førre år var veksten på 264 millionar tilsvarende 6,4 %.



Brutto utlån til landbruket utgjorde kr. 143,4 millionar mot kr. 137,9 millionar ved utgangen av 2024. Veksten kjem grunna ei strategisk satsing dei siste åra på å vinne kundar som driv moderne og effektivt landbruk.

Sum garantiansvar er på kr. 12,9 millionar mot kr. 15,7 millionar i fjor. Garantiansvaret gjeld i hovudsak kontraktsgarantiar som er stilt for kundar i høve deira kontraktsplikter.


Banken har ikkje lån med statsgaranti under ordninga som vart etablert i 2020. Utestående saldo var pr. 31.12.2023 er kr. 0,2 millionar.

Styret registrerer at utlånsveksten for 2024 vart som forventa og i tråd med banken sin strategiplan. Veksten finn for det aller meste stad i banken sin geografiske hovudmarknad. Styret er også nøgd med at banken har auka marknadsandelen trass i sterk konkurranse om kundane, og minkande gjeldsvekst i samfunnet.

Innskot

Banken har finansiert ein stor del av utlåna på eigen balanse gjennom innskot.

Banken sine totale innskot frå kundar auka i 2024 med kr. 132 millionar. Førre år vaks innskota med kr. 162,7 millionar. Auken frå 2023 til 2024 utgjer ein vekst tilsvarande 5,0 %. Tilhøyrande vekst var på 6,54 % i 2023. Innskotsdekninga vert målt som totale innskot i prosent av totale utlån og er 85,64 % pr. 31.12.2024 mot 84,2 % i fjor.



Verdipapir

Ved årsskiftet hadde banken sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir til ein samla verdi av kr. 308 millionar mot kr. 291 millionar førre år. Ved utgangen av 2024 hadde banken kr. 125,2 millionar i anleggsaksjar og omløpsaksjar, mot kr. 125,4 millionar ved inngangen av året. Av dette beløpet var kr 116,9 millionar klassifisert som anleggsaksjar, kr. 8,3 millionar i omløpsaksjar og eigenkapitalbevis.

Disponering av overskot

Disponering av overskot skjer i form av avsetjing til sparebanken sitt fond og avsetjing til gåver. Årsresultatet etter skatt og vart kr. 42,144 millionar som styret gjer framlegg om vert disponert på følgjande måte:

- Overført til sparebanken sitt fond kr. 40,666 millionar
- Overført til gåver kr 1,5 millionar


IFRS tillèt ikkje å bokføre gaveavsetninga før beløpet er vedteke av forstandarskapet. Gåvemidlane på kr 1,5 millionar er difor

disponert på same vis som det som vart overført til sparebanken sitt fond. Disponeringa blir deretter bokført så snart forstandarskapet har vedteke beløpet i 2024. Gåvebeløpet for 2023 var 1,25 millionar og disponeringa av dette blei postert i 2024.

Avkastning på eigenkapitalen

Avkastninga på eigenkapitalen etter skatt utgjorde i 2024 8,55 % mot 9,64 % i 2023.

Nedgangen i avkastning skuldast verdiendring på aksjane i Eika Gruppen.




Kapitaldekning og eigenkapital

Banken sin bokførte eigenkapital er på kr. 466,4 mill kr. pr. 31.12.2024.

Sum eigenkapital (sparebanken sitt fond, gåvefond, overkursfond og fondsobligasjonskapital) var ved utgangen av året på kr. 506,48 millionar mot kr. 472,42 året før. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) utgjorde 12,5 % ved utgangen av året, mot 10,65 % året før.

Figuren nedanfor syner utviklinga i morbanken sine ukonsoliderte nøkkeltal pr. 31.12.2024:



Morbanken rapporterer ved utgangen av 2024 ein rein ukonsolidert kjernekapitaldekning på 23,77 % mot 18,45 % året før. Banken har fram til 4. kvartal 2024 praktisert å ta andel av eigarskap i selskap som forholdsmessig blir konsolidert inn til frådrag i rein kjernekapital i morbanken. Dette prinsippet har banken

endra, på lik linje med resten av bankane i alliansen, ved rapportering for 4. kvartal 2024 slik det samsvarer med unntaksregelen i utrekningsforskrifta § 18 bokstav c, som tilseier artikkel 49.2 i CRR. Dette medfører at banken hamnar under terskelverdi på 10 % for frådrag, og gir ei auke i kapitaldekning på morbank-nivå. Prinsippendinga medfører ingen endring for dei forholdsmessig konsoliderte tala. Historikken er ikkje omarbeidd.

Risikovekta utrekningsgrunnlag har auka frå kr. 1,894 mrd. til kr. 1,935 mrd. frå 2023 til 2024.

Ansvarleg kapitaldekning er ved årsskiftet 27,90 % samanlikna med 22,68 % i 2023. I 2023 utstedte banken ein fondobligasjon på kr. 40 mill. Banken har og eit ansvarleg lån på kr. 40 millionar som inngår i utrekninga av ansvarleg kapitaldekning.

Frå 01.01.2019 vart ein pliktig til å gjennomføre førehaldsmessig konsolidering av eigarandelar i finansføretak som deltek i ei samarbeidande gruppe.

Målt mot netto risikovekta utrekningsgrunnlag konsolidert på kr 2.272.985 mill. (2023 = 2.295.374) mill. er:

- Konsolidert kapitaldekning 24,29 % (22,24%)
- Konsolidert kjernekapitaldekning 22,17 % (20,14%)
- Konsolidert rein kjernekapitaldekning 20,13 % (18,13 %)
- Konsolidert uvekta kjernekapitalandel 9,87 % (9,60 %)

Banken sin reine konsoliderte kjernekapital er styrka i løpet av 2024 på grunna av høgare eigenkapitalavkastning enn utlånsvekst, samt øvrige endringar i banken sitt utrekningsgrunnlag. Sjå note 4.

Styret gjennomfører årleg ein kapitalvurderingsprosess med basis i ei analyse av banken sine risikofaktorar (ICAAP) og vurderer kapitalbehovet opp i mot framtidige kapitalbehov og det nye kapitalkravsregelverket. Banken sine kapitalmål er fastsett med ein solid margin ned mot offentlege krav, for å oppretthalde marknadsposisjonen som ein solid sparebank.

Banken fekk i februar 2024 vedtatt eit Pilar 2-krav frå Finanstilsynet på 2,1 % av same utrekningsgrunnlaget som for Pilar 1. Dette er på nivå med banken sine egne utrekningar. Pilar 2 kravet skal dekkast av 56,25 % rein

kjernekapital, og minst 75 % kjernekapital. Kravet tok til å gjelde 31.03.2024.

Krav til rein kjernekapital er pr. 31.12.2024 på 16,68 % inkludert kapitalkravsmargin og ved utgangen av året har Ørskog Sparebank ein rein konsolidert kjernekapital tilsvarande 20,13 %.

I desember 2024 kom styresmaktene med utkast til nytt kapitaldekkingsregelverk. Det nye regelverket er venta å gi små og mellomstore bankar likare konkurransevilkår opp mot dei store bankane. Dette er godt nytt for kundar og næringsliv, særskilt i distrikta. Endringane gjer at banken kan fortsette å levere gode tenester og være til stades med kunnskap og kapital i lokalsamfunnet også i framtida.

Kontantstrøm

Avviket mellom resultat før skatt og kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar skuldast i hovudsak auke i utlån til kundar. Dette er finansiert ved auke i innskot frå kundar samt opptak av verdipapirgjeld.

Risikostyring

God risikostyring er ein viktig føresetnad for at banken skal nå sine mål. Risikostyring og etterleving av policyar er difor sentralt i den daglege drifta og i fokus for styret. Ørskog Sparebank sin vedtekne risikopolicy gjev ein overordna omtale av prinsippa for risikostyring i banken. Policyen er saman med dokumentet "Policy for styring og kontroll" overordna alt arbeid med risiko i banken. I tillegg er det vedteke policyar for dei viktigaste enkeltrisikoane; kredittrisiko, marknadsrisiko, likviditetsrisiko og operasjonell risiko.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er risikoen for at banken vert påført tap i samband med kredittgjeving på grunn av at kunden ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine ovanfor banken. Kredittrisiko er det største risikoområdet i banken si verksemd, og er under kontinuerleg overvaking. Gjennom 2024 har den prosentvise delen av utlån til personkundemarknaden vore stabil. Det er ikkje grunnlag for å sjå at kredittrisikoen har auka vesentleg gjennom året. Engasjementa som er misleghaldne over 90 dagar er sikra med pant i fast eigedom, og banken ventar avgrensa tap på desse låna.

Banken har ei eiga kreditthandbok som omtalar rutinar, fullmakter og risikoavdekking. Alle lånekundar har ein eigen sakshandsamar,

som også er ansvarleg for å følgje opp utviklinga i risikoen i låneengasjementet. Kredittrisikoen vert styrt gjennom forsiktig fullmaktsdelegering. I tillegg er det klare krav til dokumentasjon og beteningsevne for kundar som får innvilga kreditt, samt krav til tryggleik for engasjementa. Alle lån, kredittar og garantiar som ligg utanfor spesifiserte grenser for fullmaktsdelegasjonane, skal handsamast av styret.

Risiko i utlåna vert kontinuerleg overvaka for å avdekke sjansane for misleghald og for å kalkulere tap dersom misleghald skulle inntreffe. Banken sin kredittrisiko summerer seg opp til ei mengde av små enkeltrisikoar mot privat- og bedriftskundemarknaden.

Kredittrisikoen blir mellom anna overvaka ved at styret jamleg går gjennom rapportar om misleghald og overtrekk på konti og lån. Konsentrasjonsrisiko er risikoen banken har for at eitt eller fleire engasjement kan bli mislighaldt på grunn av negativ utvikling hos ein større kunde eller ein heil næringssektor.

Ørskog Sparebank har eit bevisst forhold til diversifisering av utlånsportefølja kring bransjar, pant og storleik på enkeltengasjement. Banken søker å diversifisere mellom dei ulike segmenta og å unngå risiko i bransjar der ein ikkje har nok kompetanse eller er usikre på den generelle framtidige risikoen

Kontrollen over risikoen i porteføljen skjer ved hjelp av Eika Gruppa sitt risiko-klassifiseringssystem. Her vert alle kundar klassifiserte etter sannsynleg misleghald og på bakgrunn av ei rekkje objektive kriterium. Det meste av banken si utlånsportefølje er framleis innanfor godt sikra bustadlån. I 2024 har banken hatt få misleghaldne lån, men arbeider likevel aktivt med den delen av porteføljen der sjansen for misleghald er størst.

Stigande renter, auka inflasjon og svak kronekurs har trekt kjøpekraft inn frå forbrukarane dei siste åra, men banken ser ikkje stigande arbeidsløyse i den geografiske hovudmarknaden, og har heller ikkje registrert nokon stor auke i konkursar slik ein kunne forvente på same tidspunkt i fjor.

Utsiktene lokalt er meir positive no enn på lang tid, grunna forventingar om lågare rentenivå framover. Banken ser like fullt at bygg og anleggsbransjen er råka av svært låg igangsettingsgrad av nye bustadar og næringsbygg. Banken sine kundar i dette segmentet er mindre handverkskundar, som i

like stor grad arbeider med rehabilitering som nybygg.

I banken sine utrekningar for forventa tap så har endringane i dei økonomiske forholda fått konsekvensar for makroøkonomiske scenarier og vektningar gjennom 2024. Sjå note 13.

Det er etablert gode rutinar og policyar som gjer sitt til at styret vurderer kredittrisikoen for banken til å vere låg.

Det ligg ikkje føre konkrete planar om endringar av kredittrisikonivået knytt til utlån og garantiar for 2025.

Marknadsrisiko:

Marknadsrisiko er risikoen for at banken får tap på verdipapirporteføljen på grunn av rente- og kursutviklinga i marknaden. I banken sin policy for marknadsrisiko kjem det fram at målet med eksponering i verdipapir er å sikre ei meiravkasting utover banken sin gjennomsnittlege fundingkostnad. Banken investerer berre i obligasjonar med rating på BBB+ eller betre. Styret ser til, på grunnlag av månadlege rapportar, at banken sin strategi og retningslinjer for området vert følgde og er innanfor vedtekne ramar.

Banken har risiko for endringar i marknadsverdi på portefølja av obligasjonar og sertifikat som følgje av generelle endringar i kredittspreader. Det er etablert risikorammer som sikrar at porteføljen er diversifisert mot utstedarar, sektorar og geografiske områder.

Marknadsrisikoen i portefølja skal vere låg og portefølja skal ha høg likviditet. Hovuddelen av portefølja skal kunne nyttast som sikkerheit for lån i Norges Bank

Banken har etablert ekstern forvaltning av midlane gjennom ein avtale med Eika Kapitalforvaltning.

Styret vurderer banken sin marknadsrisiko som låg.

Likviditetsrisiko:

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje klarer å oppfylle forplikningane sine og/eller finansiere auken i egedelar utan at det oppstår vesentlege ekstrakostnader i form av prisfall på egedelar som må realiserast, eller i form av ekstra dyr finansiering. Banken nyttar ei rekkje ulike kjelder til finansiering, for å spreie risikoen.

Pr. 31.12.2024 har Ørskog Sparebank finansiert 13 % av forvaltningskapitalen tilsvarande kr. 494,8 millionar via finansiering

frå kapitalmarknaden. Beløpet var i fjor kr. 505 millionar og finansieringsgraden var 14 % pr. 31.12.2023.

Framandkapitalmarknadene har gjennom året stått fram som mindre attraktive med høge risikopremiar. Løpetida på banken sine lån er fordelt over dei komande 4 åra for å minske likviditetsrisikoen ved å ha ein lang refinansieringshorisont. I tillegg til dette finansierer banken nye utlån med innskot og ved å nytte Eika Boligkreditt.

Vidare er banken sine utlån finansiert 85,6 % med innskot pr. 31.12.2024, mot 84,2 % same tidspunkt i fjor. Innskota er i all hovudsak mange og relative små. Det er viktig for banken å ha ei diversifisert innskotsportefølje der store enkeltinnskot som hovudregel skal unngåast. Under visast fordeling av innskot i % av dei totale innskota:

- Største innskot: 1,43 %
- 5 største innskot: 4,39 %
- 10 største innskot: 6,96 %

Eit viktig mål i styringa av likviditetsrisikoen er LCR (Liquidity Coverage Ratio). Dette er eit mål på banken si mengde og kvalitet på ulike typar likviditet. Krava er at banken skal ha ei mengde av likvide eigedelar som tilseier eller overstig verdien av ein mogeleg netto kontantutgang over 30 dagar i eit visst stressscenario. Føresetnaden i eit slikt scenario er at ein viss del av kundeinnskota vert trekte ut, det blir vanskelegare å skaffe ny finansiering i marknadene, og kapitalmarknadane fungerer ikkje som normalt.

Pr. 31.12.2024 rapporterer Ørskog Sparebank ein LCR på 161 %. Banken ligg, med god margin, innanfor gjeldande LCR krav på 100 %. På same tid i fjor var LCR på 170 %. Endringa skuldast samansetning av banken sine innskot som endrar seg frå år til år.

Utover dette har Ørskog Sparebank også ein trekkrett i DNB Bank ASA på kr. 180 millionar. Banken har ikkje trekt på denne ramma ved årsskiftet. Banken har og ein unytta lånetilgang i Norges Bank på kr. 293,8 millionar samt innskot i Norges bank på kr. 78,0 millionar.

Banken si likviditetsstyring vert gjennomført i samsvar med banken sin likviditetspolicy. Likviditetspolicyen vert gjennomgått og revidert kvart år av styret. Likviditeten og fundingsituasjonen vert følgd opp dagleg, og styret får hyppig rapportering.

Styret vurderer banken sin likviditetsrisiko som låg.

Operasjonell risiko:

Operasjonell risiko er risikoen for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil eller eksterne hendingar. Tiltak knytt til operasjonell risiko skal vere basert på ein analyse av kostnad og nytte.

Styret legg vekt på å ha gode rutinar og system for å førebyggje og minske den operasjonelle risikoen i banken. Dette vert utøvd mellom anna ved gjennomgang og oppdatering av interne system, rutinar, retningslinjer og beredskapsplanar.

Banken har i 2024 intensivert loggføringa av uønskete hendingar med vekt på hente ut læringseffekt av feil, manglar og hendingar som inntreff i drifta. Dette skal vere eit bidrag til å heve kvaliteten, auke effektiviteten og gjere banken meir robust på sikt.

Gjennom eit samarbeid med Eika Vis har banken innført eit policybasert risikostyringssystem. Det betyr at banken har ein oppfølgings- og kontrollstruktur som skal sørge for at dei overordna rammene i strategiplanen og risikopolicyen vert følgde.

Banken nyttar fleire tenester innanfor rekneskap og rapportering som vert tilbydd av Eika Rapportering og Kompetanse. Med auka kompleksitet og omfang innanfor rapportering til det offentlege gir tenestene frå Eika Økonomiservice ein ekstra tryggleik for at banken si rapportering er i tråd med gjeldande regelverk.

Ørskog Sparebank har sett vekk depot-tenestene til Eika Depotservice. Ein av grunnane er å minske den operasjonelle risikoen ved ferieavvikling og fråvær.

Internkontrollen som vert gjennomført fortløpande, er eit viktig hjelpemiddel for å redusere den operasjonelle risikoen. På bakgrunn av denne rapporteringa av drifta og risikosituasjonen gjennom året, meiner styret at banken har hatt godt oversyn over den operasjonelle risikoen i 2024. Styret vurderer den operasjonelle risikoen som låg.

Risikostyringa skal til ei kvar tid gi Ørskog Sparebank kontroll på dei risikoane som finst for banken. I tilfelle der risikoen er større enn det banken aksepterer, skal det straks setjast inn tiltak for å redusere denne risikoen. Det skal leggjast vekt på å ha fokus på dei risikoane som har dei største konsekvensane. Styret legg stor vekt på å ha ei fortløpande styring og oppfølging av alle risikoar som banken er eksponert for.

Strategisk allianse og samarbeidspartnarar:

Ørskog Sparebank er aksjonær i Eika Gruppen AS, Eika Gruppen og Eika Boligkreditt. Banken er ein av alliansebankane i Eika Alliansen som består av 46 lokalbankar.

Eika Alliansen har ein samla forvaltningskapital på om lag 500 milliardar kroner og 3500 tilsette. Dette gjer alliansen til ein av de største og viktigaste aktørane i den norske marknaden. Bankane har til saman 930.000 personkundar og 80.000 bedriftskundar gjennom 200 bankkontor i over 120 kommunar.

Eika Gruppens kjerneverksemd er å sikre lokalbankane moderne, effektiv og trygg bankdrift gjennom gode og kostnadseffektive produkt- og tenesteleveransar. Dette inkluderer ein komplett plattform for bankinfrastruktur inkludert IT, betalingstenester og samhandlingsverktøy for tilsette og kundar.

Bankane sitt behov for å utvikle nye digitale løysningar som gir gode kundeopplevingar og høg sikkerheit er både krevjande og kostnadsdrivande. Som nemnd tidlegare i rapporten migrerte Eika og bankane kjernebankløysingar for å styrke konkurransekrafta. Frå og med 2024 vil dette gi bankane og kundane betre løysningar og meir kostnadseffektiv utvikling tenester samanlikna med tidlegare.

Gjennom Eika får bankane og deira kundar tilgang til eit breitt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysningar og tenester. Dette inkluderer forsikringsprodukt, kort- og smålånsprodukt og spareprodukt i fond.

I 2024 fusjonerte Eika Forsikring med Fremtind Forsikring, og Eika Kredittbank fusjonerte med Sparebank1 Kreditt, som vart til Kredittbanken AS. Samanslåingane styrker selskapa si konkurransekraft og bidrar til å styrke lokalbankane. Ørskog Sparebank er medeigar og distributør av produkt frå både Kredittbanken AS og Fremtind Forsikring, som leverer et bredt spekter av forsikringsprodukt. Dette er gjort for å styrke konkurransekraft som igjen vil bidra til å styrke lokalbankane.

Eika Kundesenter og Eika Servicesenter leverer tenester som sikrar bankane betre kundeservice gjennom god tilgjengelegheit og effektiv kommunikasjon.

Eika leverer kompetanseutvikling og opplæring gjennom Eika Skolen, verksemdsstyring via

Eika ViS, økonomi- og rekneskapstenester med Eika Økonomiservice og depottenester med Eika Depotservice. Tenester innan berekraft, næringspolitikk, kommunikasjon, marknad og merkevare er også ein del av tilbodet Ørskog Sparebank har tilgang på.

Eika Boligkreditt sikrar lokalbankane langsiktig og stabil finansiering.

Eika Boligkreditt er eit bustadkredittforetak eigd av 59 norske lokalbankar og OBOS. Eika Boligkreditt si oppgåve er å sikre tilgang til langsiktig og konkurransedyktig finansiering. Selskapet har løyve til å finansiere utlån ved å sende ut internasjonalt ratede obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). Det betyr at Eika Boligkreditt kan ta opp lån i den norske og internasjonale finansmarknaden, og søker finansiering der ein finn dei beste vilkåra. Gjennom Eika Boligkreditt får Ørskog Sparebank tilgang på langsiktig og svært gunstig finansiering, og kan halde oppe konkurransekrafta mot større norske og internasjonale banker.

Eika Boligkreditt har ved utgongen av tredje kvartal 2024 ein forvaltningskapital på om lag 125 milliardar kroner og er ein viktig bidragsytar til at lokalbankane oppnår lågare finansieringsrisiko og framleis kan tilby konkurransedyktige vilkår på bustadlån.

Styret er av den oppfatning at samarbeidet med selskapa i Eika er vesentleg for konkurransekrafta i Ørskog Sparebank. Samarbeidet er avgjerande for at Ørskog Sparebank skal kunne oppfylle målsettinga om å vere ein sjølvstendig bank.

VERKSEMDSOMRÅDER OG MARKNAD

Bustadmarknaden

Utviklinga i bustadmarknaden er ein viktig drivar for etterspurnaden av lån og kreditt. Etter ei periode med låge renter og høg omsetnad av eigedom har aktiviteten på bustadmarknaden blitt kjølegare i løpet av dei siste to åra. Pr. november var prisveksten for 2024 på om lag 6 % for Ålesund kommune.

Ifølge statistikk tar det i gjennomsnitt 57 dagar å selje ein bustad i Ålesund og omegn. Dette er tal som er litt høgare enn snittet for Noreg.

Også på Sunnmøre ser vi tendensar i den demografiske utviklinga med sentralisering der folkeveksten konsentrerer seg om randsona rundt Ålesund. Dette er ein tendens vi har sett i fleire år, der til dømes Skodje har hatt ei stor foretting i sentrumsområde med småhus og leilegheiter.

Fortetting og sentralisering av handel er aller mest synleg på Moa området drygt ei mill aust for Ålesund sentrum. Her ligg det 4.de største kjøpesenteret i Noreg målt i omsetnad, og i dette knutepunktet er det venta enda meir aktivitet og utvikling i åra framover. Difor etablerte banken eit rådgjevingsskontor på Moa i 2020; eit kontor som vart utvida med enda fleir kontorplassar og tilsette i 2024. Med denne etableringa ligg banken synleg til for å tiltrekke seg nye kundar i eit attraktivt område.

I høve tal frå SSB er det pr. januar 17,5% lågare antal igangsettingsløyve til bustader dei siste 12 månadane i Noreg. Dette er ein tendens i banken sitt nedslagsfelt. Igangsettinga av nye leilegheiter og bustader er generelt låg, og er ei utvikling som er drevet av høg prisvekst dei siste åra på material og innsatsfaktorar i nye bustadprosjekt.

I banken sitt nedslagsfelt er det jamt over greitt å omsette brukte bustader, og det er god likviditet i marknaden.

Styret er uroa over den låge nybyggaktiviteten ein ser ved inngongen til 2025. Auka tilflytting og vekst i befolkninga vil kunne føre til stigande bustadprisar på husa som allereie er bygd, og dette kan gjere det meir utfordrande for førstegongskjøparar å komme inn på marknaden.

Næringslivet

Sjølv om banken ikkje direkte finansierar verfts næringa eller store industrikonsern så er utviklinga hos store selskap som Kongsberg Gruppen og Vard viktige for banken sine privatkundar og verksemdar som er underleverandørar til næringa. Verfta i Vestnes og Haram leverer ulike avanserte skip innan olje og offshore vind, cruiseskip, forsvars fartøy og brønnbåtar.

Fiskeri og havbruk er viktige næringar på Nordvestlandet, og ein svak kronekurs gir gode vilkår for eksportretta næringar.

Turismen til Nordvestlandet har vore aukande dei siste åra, mellom anna takka vere ei svak krone. Dette gir store ringverknader til fleire av banken sine kundar som driv verksemd retta inn mot turisme og turistar. Dei siste åra har det vore ein vekst i trafikken i «skuldresesongar» før og etter sommaren.

Arbeidsløysa i banken sitt nedslagsfelt har vore rekordlåg i 2024. Ved årsskiftet var det registrert ei arbeidsløysa på 1,8 %, og i desember 2024 var det 4371 heilt eller delvis ledige i Møre og Romsdal.

Styring av verksemda

Eigarstyring og selskapsleiing i Ørskog Sparebank byggjer på Finanstilsynet sin modul for overordna styring og kontroll. Banken har tilpassa foretaksstyringa i høve til dette rammeverket så langt det passar. Prinsipp og policyar som skal leggjast til grunn vil sikre at verksemdsstyringa er tilpassa lover og forskrifter. Samtidig er det lagt opp til at verksemdsstyringa skal tilpassast banken sin kompleksitet og omfang. Dette skal sikre berekraftig verdiutvikling over tid og at banken sine ulike interessegrupper vert ivaretatt på ein god måte.

For å utvikle god tillit mellom banken og dei viktigaste interessegruppene, treng ein gode styringssystem for verksemda:

- Eit kompetent og uavhengig styre
- Gode interne styringsprosessar
- Ein objektiv og uavhengig eksternrevisor
- Open og god kommunikasjon med tilsette, media, finanstilsyn og omgjevnadene elles
- Gode interne rutinar for å etterleve strenge etiske prinsipp

I 2024 har det vore i alt 15 styremøte. Fokusering har vore oppfølging av drift, strategi, risiko, kapitalstyring, marknad, kredittsaker og rammevilkår. Det er utarbeidd ein eigen årsplan for styret sitt arbeid. Det vert lagt vekt på tilstrekkeleg kunnskap og utvikling av kompetansen mellom styret sine medlemmar.

Styret er forstandarskapet sitt organ for å vedta den strategiske retninga og å utøve kontroll med den operative drifta av banken. Styret består av seks medlemmar der fem av medlemmane og to varamedlem er valde av forstandarskapet. I styret sitt det 3 kvinner og 3 menn. Eitt medlem og eitt varamedlem vert valde av og mellom banken sine tilsette. For å sikre kontinuitet i arbeidet praktiserer banken at 1. varamedlem møter på alle styremøter. Det vert lagt vekt på å ha eit kompetent og uavhengig styre. Styret gjennomfører årleg ei strategisamling, der banken sitt strategidokument vert revidert.

Godtgjering til styret er avgrensa til styrehonorar.

Det samla styret fungerer som risiko- og revisjonsutval. Utvalet har vurdert ansvarleg

revisor si uavhengigheit og meiner det ikkje ligg føre noko som kan utgjere ein trussel eller som kan svekkje ansvarleg revisor sin integritet overfor Ørskog Sparebank.

Banken sitt forstandarskap har 16 medlemmar og er sett saman av 12 kundevalde og fire valde av og mellom dei tilsette.

Det er styret si vurdering at banken har den naudsynte kapasitet, kompetanse og kultur til å sørge for god føretaksstyring.

Det er teikna styreansvarsforsikring som og gjeld for dagleg leiar. Det ligg også føre ei kombinert profesjonsansvar- og kriminalitetsforsikring.

Profesjonsansvarsforsikringen dekkjer rettslege erstatningsansvar for økonomisk tap som blir påført kundar eller tredje-person under bankdrifta, dette gjeld også kostnader ved handsaming av krav om påstått erstatningsansvar, idømte kostnader og sivile erstatningskrav i straffesak.

Tilsette og arbeidsmiljø:

Banken blir leia av banksjef Eirik Kavli, som tok til i stillinga i mai 2012. Ved utgangen av 2024 har Ørskog Sparebank 25 tilsette som utøver 25,6 årsverk mot 23 årsverk ved førre år. Banken har leiarar med resultat- og personalansvar for høvesvis Økonomi og administrasjon, Personmarknad, Kundeservice og Bedriftsmarknad & Forsikring. I 2024 har banken også tilsett eitt årsverk til å fylle funksjonen for HR og organisasjonsutvikling for å støtte opp om utviklinga i banken.

Sjukefråværet for 2024 vart 5,1 % samanlikna med 3,3 % i 2023. Dette følger en tendens som gjeld for banknæringa og samfunnet generelt.

Dugande, motiverte og kompetente medarbeidarar er ein føresetnad for at banken skal kunne nå sine mål. Difor er det høg prioritet på å leggje til rette for samarbeid, engasjement, trivsel og kompetanseheving gjennom mellom anna godt arbeidsmiljø og interessante arbeidsoppgåver.

Det er ikkje gjennomført aktivitetar definert som forskings- eller utviklingsarbeid i 2024.

Medarbeidarar sine rettar, sosiale tilhøve og trivsel.

Banken sin strategiplan definerer at eit av satsingsområda skal vere nøgde, kompetente og motiverte tilsette. Det har dei siste åra vore få oppseiingar frå tilsette. Banken har lojale tilsette som har arbeidd i banken i mange år. Banken ønskjer å ha langsiktige

tilsetjingsforhold gjennom å gi konkurransedyktige, forutsigbare og trygge vilkår. Banken har gode forsikrings- og pensjonsordningar.

I Ørskog Sparebank blir organisering i fagforeiningar verdsett, og nær alle tilsette er medlemmer i Finansforbundet. I forstandarskapet – bankens øvste organ - er 25 % av medlemmane tilsette i banken. I tillegg er eitt av styremedlemmane valde mellom dei tilsette.

Banken har også i 2024 brukt ressursar på prosjekt som styrker og utviklar banken sine verdiar vidare:

- Stolt
- Engasjert
- Til stede

Verdiane skal styre dei tilsette sin åtferd ovanfor kundar og mellom kvarandre. Dette er en viktig del av kulturutviklinga i banken.

Det er i 2024 gjennomført fleire interne rekrutteringar og gode prosessar som syner at banken kan tilby karriereutvikling, nye utfordringar og kompetanseheving til dei tilsette.

Det har ikkje vore ulukker eller skader på arbeidsplassen i løpet av året. Gjennom banken sin bedriftsavtale er det lagt til rette for at senior medarbeidarar skal finne det attraktivt å arbeide heilt fram til ordinær pensjonsalder. Styret si vurdering er at arbeidsmiljøet er godt.

Banken legg til rette for at tilsette skal ha god helse og ha så få fysiske plagar som råd er. Difor har ein kjøpt inn hev-senk pult til fleire tilsette, og alle tilsette får tilbod om delvis dekking av månadsavgift på helsestudio. Banken har og ei helseforsikring som sikrar rask behandling hos fysioterapeut, kiropraktor eller anna behandling dersom det er naudsynt. Ein har og avtale med Medi3 for medisinsk oppfølging gjennom bedriftsavtalen.

Banken sine tilsette skal få rettidig informasjon og opplysningar som dei etter lov, forskrift, vedtekter og internt regelverk har krav på. Banken skal skape eit triveleg og motiverande arbeidsmiljø, med gjensidig tillit og samarbeid.

Likestilling og diskriminering

Styret i banken er oppteke av å fremje likestilling og hindre forskjellshandsaming i strid med lov om likestilling mellom kjønn.

Banken sin målsetting er at tilsette av begge kjønn skal bli motivert til å ta leiande stillingar og søke utfordringar. Det er banken si

haldning at tilsette, uavhengig av kjønn skal bli handsama likt og bli gitt like sjansar til utvikling.

Banken nyttar seg aktivt av dei anbefalingane som Finans Norge har knytt til val av tillitsvalde til forstandarskapet, komitéar og til styret. Det er bankens si haldning at alle tilsette skal bli gitt like moglegheiter og rettar. Det er ikkje vurdert som naudsynt å sette inn tiltak i høve til diskriminering.

Utdanning

Eit riktig, og høgt kompetansenivå er eitt av banken sine viktigaste konkurransefortrinn. Utvikling og vedlikehald av kompetansenivået i banken er difor eit prioritert område. Eika Skolen er banken sin eigen skule for utvikling av dei tilsette. Her blir ein tilbydd eit breitt spekter av kurs, samlingar, e-læringar og web-baserte treningsmodular. Banken har nedfelt i strategiplanen at ein kontinuerleg skal ha fokus på kompetanse og utvikling tilpassa den einskilde sine behov og planar.

Banken er tilknytta FinAut, og tilbyr relevante sertifiseringar til relevant personell innanfor dei ulike fagområda i banken.

Styret er nøgd med at det i banken er kultur for utvikling av kompetanse og for å dele kunnskap med kvarandre.

Berekraft og samfunnsansvar

Ørskog Sparebank har retningslinjer for berekraft/ESG. Banken har et ansvar for å unngå å medverke til miljøydeleggingar, økonomisk kriminalitet eller brot på grunnleggjande menneske- og arbeidstakarrettigheter. Den viktigaste måten banken kan bidra på, er ta med desse omsyna i arbeidet med kundeportefølja.

Det er utarbeidd ein utreiing etter openheitslova som ein finn på bankens heimeside under samfunnsansvar.

Banken har også i år utarbeidd ein eigen bærekraftsrapport for 2025 som eit vedlegg til årsrapporten der banken sitt arbeid med berekraft/ESG er nærare omtalt.

Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje vore hendingar etter balansedagen som verker inn på årsrekneskapen pr. 31.12.2024.

Fortsett drift

Styret ser positivt på banken si vidare drift, og ser føresetnadene for vidare drift og

ytterlegare utvikling av banken som å vere til stades. Styret meiner at den framlagte årsrekneskapen syner eit rett bilde av banken si stilling pr. 31.12.2024. Det har heller ikkje skjedd andre hendingar etter rekneskapsårets slutt som innverkar på dette. På bakgrunn av dette stadfester styret at rekneskapen er framlagd under føresetnad av fortsett drift.

Utsikter for 2025

Etter år prega av pandemi og krig var 2024 eit normalår med moderat vekst i økonomien, fallande inflasjon, betring i kjøpekrafta for folk flest, og så låg arbeidsløyse at det var vanskeleg for Norges Bank å sette ned renta. Normale år for økonomien med høge renter gir gode bank-år. 2024 ga mange bankar rekordresultat.

Det er framleis geo-politisk uro mykje usikkerheit knytt til effektane av tollmurar, mogleg handelskrig samt krigen i Ukraina. Dette er døme på forhold som har potensial i seg for å gje stor innverknad på Norsk økonomi.

BNP for Fastlands-Norge auka med om lag eitt prosentpoeng i løpet av fjoråret. Dette er litt under trendveksten for norsk økonomi. Difor vart det berre marginal auke i arbeidsløysa frå 1,8 prosent i 2023, til 2,0 prosent i 2024. Antal konkursar auka med 5 prosent fra 2023 til 2024, ifølge Fair Group. Ein fjerdedel av konkursane kom i bygg- og anleggssektoren. Utviklingstrekk vi truleg vil skå også gjennom 2025.

Konsumprisindeksen auka med 3,1 prosent, med 3,7 prosent vekst i kjerneinflasjonen. I løpet av året falt inflasjonstakten og i desember var 12-mnd rate hhv. 2,2 og 2,8 prosent. Med ein vekst i løner på 5,2 prosent vart det i 2024 2 prosent vekst i hushaldningane si kjøpekraft.

Norges Bank holdt foliorenta uendra på 4,5 prosent gjennom fjoråret. Pengemarknadsrenta falt noko på grunn av god likviditet i banksektoren og forventningar om rentekutt i mars 2025. God vekst i kjøpekraft, tru på at rentetoppen er passert, og låg bustadbygging bidrog til ein vekst i bustadprisane på 2,7 prosent.

Valutamarknaden var uroleg med ein sterk dollar, men for gjennomsnittet av importvalutaene, målt ved I-444 indeksen, vart det ei moderat svekking for året som heilheit (-0,8 prosent). Kredittveksten var svak gjennom året, men ser ut til å ha tatt seg litt opp i hushaldningssektoren mot slutten av året (+3,9

pst som 12-månaders vekst i november). Ikkje-finansielle føretak har kredittvekst (+1,9), medan kommunane hatt sterk vekst i sine låneopptak (+7,6).

Utsiktene for bankane i 2025 er vurdert som gode, men er som alltid avhengig av utanlandske føresetnader som Noreg ikkje rår med. Også i 2025 venter ein at kjøpekrafta i hushaldningane vil stige, rentene kjem litt ned, og at bustadprisane aukar i heile landet. BNP-veksten held seg truleg høg nok til at arbeidsløysa ikkje stig meir. Konjunkturbarometeret for industrien viser i 4. kvartal 2024 den sterkaste optimismen for framtida sidan 2019.

For Ørskog Sparebank er utviklinga innanfor arbeidsmarknaden og bustadmarknaden mellom dei viktigaste drivarane for banken si økonomiske utvikling. Banken si oversikt over misleghald og overtrekk syner at kundane jamt over har god økonomi, og verkar tole dei høge rentene og prisstigninga på ein god måte.

Banken har sett i verk fleire strategiske og operative tiltak for å oppretthalde en god utlånsvekst i tida framover. Banken er mellom anna posisjonert med eit rådgjevningskontor på Moa.

Banken er tett på ein stor del av kundegruppa. Dette har vore eit viktig tiltak for å sikre fortsett lønsam vekst.

Banken har og i 2024 fått mange nye kundar basert på referansar, positiv omtale og tips frå andre nøgde kundar. Styret er opptekne av at banken held fram den langsiktige jobben for å bygge oppunder eit solid omdøme som ein påliteleg, skikkeleg, effektiv og serviceinnstilt bank.

Banken vil halde fram arbeidet med å reindyrke og spisse sin posisjon i marknaden som ein fleksibel, offensiv og serviceinnstilt bank som skal auke kundemassen. Andre viktige fokusområde vil vere betre lønsemd, betre salsresultat og god kvalitet på arbeidet i alle ledd.

I takt med auka omfang av rapportering til myndighetene, meir omfattande rekneskapskrav og kontrolloppgåver, ventar styret at banken må bruke mykje ressursar på desse områda også i 2025. Det er eit overordna mål for styret at banken har god kostnadskontroll, ei nøktern drift og organiserer seg på ein rasjonell og effektiv måte som kjem kundane til gode.

Ørskog Sparebank er ein viktig bidragsytar til lokal samfunns- og næringsutvikling.

Sponsoravtaler, gåver og andre aktivitetar vil også framover bidra til dette.

Med ei robust finansiell plattform, høg kompetanse og engasjerte medarbeidarar står banken godt rusta til vidare positiv utvikling.

Styret er opptekne av at banken skal halde oppe ein solid kapitalstatus som gjer ein rusta til å ha ein lønsam og robust vekst i åra framover.

Ved inngongen til 2025 ser styret at gjeldsveksten i Noreg er lågare enn på lenge. Styret ventar at etterspurnaden etter lån frå marknaden stig gjennom året, i takt med at ein ventar kutt i styringsrenta. Utsiktene til ein balansert og lønsam kredittvekst er framleis til stades grunna banken sitt sterke omdøme. Banken har rekruttert nye tilsette, og utvida rådgjevningskontoret på Moa. Med nye kapitaldekningsreglar som er venta å tre i kraft frå 2. halvår har banken god kapasitet til vekst kommande år. Banken arbeider med interne utviklingsprosjekt som gjer at styret ser positivt på korleis inntektene vil utvikle seg i 2025.

I marknaden ligg det ei forventning om to til tre rentekutt gjennom 2025, og styret ventar at rentenettoen vil kunne svekke seg litt gjennom året dersom dette blir ein realitet. Endringar i kapitalkrava for norske bankar samt etterspurnaden etter lån er forhold som vil kunne innverke på konkurransen i bankmarknaden. Totalt sett er der difor fleire faktorar som gjer at rentenettoen vil svekke seg framover.

Styret trur at den positive utviklinga for banken vil halde fram i 2025 og legg opp til ein kontrollert utlånsvekst i året som kjem. Styret har difor grunn til å forvente eit økonomisk resultat for banken i 2025 på linje med fjoråret, sjølv om lågare marknadsrenter truleg vil innverke negativt på innteninga.

Styret vil fortsette arbeidet for at Ørskog Sparebank skal vere ein sjølvstendig regional sparebank med sterk tilknytning til lokalsamfunnet.

TAKK

Styret ønsker å takke kundar og samarbeidspartnarar for tillit, samarbeid og god oppslutning om banken gjennom året. Styret er nøgd med den positive utviklinga i banken, og ønsker også å takke alle tilsette og tillitsvalde for innsatsen i 2024.

Ørskog, 06.03.2025



Torstein L. Stavøeng

Styreleiar



Arne Jan Sollied

Nestleiar



Hans Fredrik Furstrand

Styremedlem



Siw Pek

Tilsette sin repr.



Ingegjerd Eidsvik

Styremedlem



Silje Bruun Teigen

Styremedlem



Eirik Kavli

Banksjef

Resultatrekneskap

	Note	Morbank		Konsern	
		2024	2023	2024	2023
<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>					
Renteinntekter målt til effektiv rentes metode		200.419	164.068	198.051	161.656
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		15.935	13.279	15.935	13.279
Rentekostnader og lignende kostnader		127.261	93.632	127.261	93.632
Netto renteinntekter	18	89.094	83.715	86.725	81.303
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		21.271	18.104	21.271	18.104
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		2.539	1.527	2.539	1.527
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		2.632	3.707	2.632	3.707
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	30	-563	-1	-563	-1
Andre driftsinntekter		574	545	5.217	5.241
Netto andre driftsinntekter	20	21.375	20.828	26.018	25.524
Lønn og andre personalkostnader	21	28.367	25.199	28.427	25.259
Andre driftskostnader	22	23.136	26.925	24.540	28.380
Avskrivninger og nedskrivninger på varige eiendeler	31	2.026	1.730	3.095	3.615
Sum driftskostnader før kredittap		53.529	53.854	56.061	57.254
Kredittap på utlån, garantier mv. og rentebærende verdipapirer	11	2.770	5.843	2.770	5.843
Resultat før skatt		54.170	44.846	53.912	43.730
Skattekostnad	23	12.026	10.214	12.026	10.214
Resultat av ordinær drift etter skatt		42.144	34.632	41.886	33.516
<i>Andre inntekter og kostnader - Tall i tusen kroner</i>					
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger		331	-686	331	-686
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader	25	-3.844	5.829	-3.844	5.829
Skatt		-83	172	-83	172
Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet		-3.596	5.314	-3.596	5.314
Sum andre inntekter og kostnader		-3.596	5.314	-3.596	5.314
Totalresultat		38.548	39.946	38.290	38.831
Majoriteten sin andel av resultatet i perioden etter skatt				42.162	34.094
Minoriteten sin andel av resultatet i perioden etter skatt				-276	-578
<i>Totalresultat</i>					
Majoriteten sin andel av totalresultatet i perioden				38.566	39.409
Minoriteten sin andel av totalresultatet i perioden				-276	-578

Balanseoppstilling

Balanse - Eiendeler

Tall i tusen kroner	Note	Morbank		Konsern	
		2024	2023	2024	2023
Kontanter og kontantekvivalenter	24-25	81.709	80.304	81.709	80.304
Utlån og fordringer på kredittinstitusjoner og finansieringsforetak	24-25	39.473	10.773	39.473	10.773
Utlån til og fordringer på kunder	6-11, 24-25	3.239.944	3.135.958	3.202.440	3.096.704
Rentebærende verdipapirer	26	308.032	291.429	308.032	291.429
Finansielle derivater	29	970	984	970	984
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	27-28	118.569	117.990	118.569	117.990
Eierinteresser i konsernselskaper	30	6.600	7.400	0	0
Varige driftsmidler	31	17.984	14.364	60.223	58.472
Utsatt skattefordel	23	2.648	2.693	2.648	2.693
Andre eiendeler	32	4.949	2.648	5.947	4.087
Sum eiendeler		3.820.877	3.664.543	3.820.011	3.663.436

Balanse - Gjeld og egenkapital

Tall i tusen kroner	Noter	2024		2023	
		2024	2023	2024	2023
Innlån fra kredittinstitusjoner	33	50.429	162.190	50.429	162.190
Innskudd og andre innlån fra kunder	34	2.785.612	2.652.747	2.785.091	2.651.213
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	35	404.172	302.972	404.172	302.972
Annen gjeld	36	17.348	18.396	17.894	19.458
Pensjonsforpliktelser	36	2.653	3.813	2.653	3.813
Betalbar skatt	23	13.556	10.137	13.556	10.137
Andre avsetninger	6, 10-11	384	1.579	384	1.579
Ansvarlig lånekapital	35	40.240	40.242	40.240	40.242
Sum gjeld		3.314.395	3.192.077	3.314.420	3.191.604
Fondsobligasjonskapital	37	40.000	40.000	40.000	40.000
Sum innskutt egenkapital		40.000	40.000	40.000	40.000
Fond for urealiserte gevinster		23.300	27.145	23.300	27.145
Sparebankens fond		442.767	405.321	440.384	402.921
Gavefond		416	0	416	0
Ikke kontrollerte interesser		0	0	1.491	1.767
Sum opptjent egenkapital		466.483	432.466	465.591	431.832
Sum egenkapital		506.483	472.466	505.591	471.832
Sum gjeld og egenkapital		3.820.877	3.664.543	3.820.011	3.663.436

Ørskog 06.03.2025


Torstein L. Stavseng
Styreleder


Arne Jan Sollid
Nestleder


Hans Fredrik Furstrand
Styremedlem


Siw Pek
Tilsette sin repr.


Ingegjerd Eidsvik
Styremedlem


Silje Bruun Teigen
Styremedlem


Eirik Kavli
Banksjef

Eigenkapitaloppstilling

Morbank	Innskutt egenkapital				Opptjent egenkapital			Sum egenkapital
	Noter	Fondsobligasjonskapital	Sparebankens fond	Gavefond	Fond for urealiserte gevinster	Annen opptjent egenkapital		
<i>Tall i tusen kroner</i>								
Egenkapital 31.12.2023		40.000	405.322	0	27.144	0	472.466	
Resultat av ordinær drift etter skatt		3.696	38.448				42.144	
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger	21		331				331	
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader	25				-3.845		-3.845	
Skatt på andre inntekter og kostnader	21		-83				-83	
Totalresultat 31.12.2024		3.696	38.696	0	-3.845	0	38.547	
Utbetaling gaver			-1.250	416			-834	
Renter på hybridkapital	37	-3.696					-3.696	
Egenkapital 31.12.2024		40.000	442.768	416	23.300	0	506.483	
Egenkapital 31.12.2022		40.272	375.137	0	21.550		436.959	
Resultat av ordinær drift etter skatt		3.067	31.565				34.632	
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger	21		-686				-686	
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader	25		234		5.595		5.829	
Skatt på andre inntekter og kostnader	21		172				172	
Totalresultat 31.12.2023		3.067	31.285	0	5.595	0	39.947	
Utbetaling av gaver			-1.100				-1.100	
Renter på hybridkapital	37	-3.067					-3.067	
Andre egenkapitaltransaksjoner	37	-272					-272	
Egenkapital 31.12.2023		40.000	405.322	0	27.144	0	472.466	

Konsern	Innskutt egenkapital				Opptjent egenkapital			Sum egenkapital
	Noter	Fondsobligasjonskapital	Sparebankens fond	Gavefond	Fond for urealiserte gevinster	Ikke kontrollerte interesser		
<i>Tall i tusen kroner</i>								
Egenkapital 31.12.2023		40.000	402.921	0	27.144	1.767	471.832	
Resultat av ordinær drift etter skatt		3.696	38.466			-276	41.886	
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger	21		331				331	
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader	25				-3.845		-3.845	
Skatt på andre inntekter og kostnader	21		-83				-83	
Totalresultat 31.12.2024		3.696	38.714	0	-3.845	-276	38.290	
Utbetalt av gaver			-1.250	416			-834	
Renter på fondsobligasjonskapital	37	-3.696					-3.696	
Egenkapital 31.12.2024		40.000	440.384	416	23.300	1.491	505.591	
Egenkapital 31.12.2022		40.272	373.274	0	21.550	2.345	437.440	
Resultat av ordinær drift etter skatt		3.067	31.027			-578	33.516	
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger	21		-686				-686	
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader	25		234		5.595		5.829	
Skatt på andre inntekter og kostnader	21		172				172	
Totalresultat 31.12.2023		3.067	30.747	0	5.595	-578	38.831	
Utbetaling gaver			-1.100				-1.100	
Renter på fondsobligasjonskapital	37	-3.067					-3.067	
Andre egenkapitaltransaksjoner	37	-272					-272	
Egenkapital 31.12.2023		40.000	402.921	0	27.144	1.767	471.832	

Kontantstrømoppstilling – Direkte metode

Tall i tusen kroner	Noter	Morbank		Konsern	
		2024	2023	2024	2023
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter					
Netto utbetaling av lån til kunder		-106.609	-206.396	-106.609	-206.396
Renteinnbetalinger på utlån til kunder		196.699	159.740	194.318	157.335
Netto inn-/utbetaling av innskudd fra kunder		121.417	162.746	121.417	162.746
Renteutbetalinger på innskudd fra kunder		-85.077	-68.061	-82.695	-65.655
Renter på utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner	33	3.814	15.687	3.814	15.687
Kjøp og salg av sertifikat og obligasjoner	26	-16.108	-12.929	-16.108	-12.929
Renteinnbetalinger på sertifikat og obligasjoner	26	15.130	12.314	15.130	12.314
Netto provisjonsinnbetalinger	20	18.733	16.577	18.733	16.577
Utbetalinger til drift		-56.825	-45.028	-56.825	-45.028
Betalt skatt	23	-10.045	-9.042	-10.045	-9.042
Utbetalte gaver		-834	-1.100	-834	-1.100
A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		80.296	24.508	80.296	24.508
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter					
Innbetalinger ved salg av varige driftsmidler	31	1.100	0	1.100	
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	31	-6.746	-3.630	-6.746	-3.630
Innbetaling fra salg av langsiktige investeringer i verdipapirer	26	564	919	564	919
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapirer	26	-4.996	-3.706	-4.996	-3.706
Utbytte fra langsiktige investeringer i aksjer	28	2.632	3.707	2.632	3.707
B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet		-7.446	-2.710	-7.446	-2.709
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter					
Innbetaling ved utstedelse av verdipapirgjeld	35	150.000	50.000	150.000	50.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	35	-50.000	-50.000	-50.000	-50.000
Renteutbetalinger på gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	35	-19.040	-14.071	-19.040	-14.071
Utbetaling ved forfall lån fra kredittinstitusjoner	33	-75.000	0	-75.000	0
Renteutbetalinger på lån fra kredittinstitusjoner	33	-42.332	-5.988	-42.332	-5.988
Renteutbetalinger på ansvarlige lån		-2.676	-2.312	-2.676	-2.312
Renteutbetalinger på fondsobligasjon	37	-3.696	-3.339	-3.696	-3.339
Utbetalinger fra gavefond		0	-1.100	0	-1.100
C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet		-42.745	-26.810	-42.745	-26.810
A + B + C Netto endring likvider i perioden		30.105	-5.011	30.105	-5.011
Likvidetsbeholdning 1.1		91.077	96.088	91.077	96.088
Likvidetsbeholdning 31.12		121.182	91.077	121.182	91.077
Likvidetsbeholdning spesifisert:					
Kontanter og kontantekvivalenter		81.709	80.304	81.709	80.304
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner		39.473	10.773	39.473	10.773
Likvidetsbeholdning		121.181	91.077	121.181	91.077

NOTE 1 – Rekneskapsprinsipp

GENERELL INFORMASJON

Ørskog Sparebank vart skipa i 1857. Banken tilbyr innskot, utlån og betalingsformidling samt tilhøyrande banktenester for personmarknaden i Noreg og for bedriftsmarknaden på indre Sunnmøre og kring Ålesund. Bankens hovudkontor har besøksadresse 6240 Ørskog .

Rekneskapan for 2024 ble godkjend av styret 06.03.2025

GRUNNLAG FOR UTARBEIDELSE AV REGNSKAPET

Årsregnskapet er utarbeidd i samsvar med Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak («årsregnskapsforskriften»). Banken har valt å utarbeide rekneskapan etter årsreknskapsforskrifta § 1-4, 1. ledd b) som betyr at rekneskapan er utarbeidd i samsvar med IFRS® Accounting Standards som godkjent av EU» med mindre anna følgjer av forskrifta.

I samsvar med årsregnskapsforskrifta har selskapet valt å regnskapsføre utbytte og konsernbidrag fra dotterselskap i samsvar med regnskapslovens føresegrer.

Tall i noter er angitt for morbank viss ikkje anna er presisert i den enkelte note. Ørskog Sparebank eig 73,91 % av Sjøholt Næringsbygg AS og det er dette som er konsolidert inn i konsernrekneskapan.

STANDARDAR, ENDRINGAR OG TOLKNINGAR TIL EKSISTERANDE STANDARDAR SOM IKKJE ER TRÅDT I KRAFT OG DER BANKEN IKKJE HAR BRUKT TIDLIG ANVENDELSE

Det er ingen vesentlege endringer i regnskapsprinsipp i 2024 som innverkar resultat, balanse og kontantstraum.

Det er heller ingen nye IFRS-standardar eller IFRIC-fortolkingar som ikkje er tredd i kraft som forventast å ha en vesentleg påverknad av bankens rekneskap for komande periodar.

SAMANDRAG AV VESENTLEGE REGNSKAPSPRINSIPP

Rekneskapan er presentert i norske kroner, og alle tall er vist i heile tusen, med mindre anna er spesifisert.

KONSOLIDERINGSPRINSIPP

Den konsoliderte rekneskapan omfattar morbanken og dotterselskap som vist i note 30. Dotterselskap er konsolidert frå det tidspunktet banken har overteke kontroll, og dei fråreknast frå det tidspunktet banken gjev frå seg kontroll. Kontroll føreligg når konsernet har makt over investeringsobjektet, er eksponert for eller har rett til variabel avkastning, og har evne til å bruke makt til å styre dei aktivitetane hos investeringsobjektet som i vesentleg grad påverkar avkastninga. Potensielle stemmerettar, opsjonar, konvertibel gjeld og andre forhold inngår i vurderinga.

Rekneskapsprinsippa vert nytta konsistent ved innarbeiding av eigarinteresser og rapportering er basert på dei same rekneskapsperiodane som morselskapet. Konserninterne transaksjonar og saldoar mellom dei konsoliderte selskapa er eliminert. Urealiserte tap er eliminert med mindre tapet skuldast verdifall. Minoriteten sin del av konsernet sitt resultat vert presentert på eiga line i resultatrekneskapan. I eigenkapitalen vert minoriteten sin del vist som eiga post.

Dotterselskap er definert som selskap der Ørskog Sparebank har kontroll direkte eller indirekte, eigarinteresser eller andre forhold. Normalt vert det antatt at banken har kontroll når eigarinteressen i eit anna selskap utgjør meir enn 50 %.

Ved overtaking av kontroll i eit selskap vert overtakingsmetoden nytta. Alle identifiserbare anskaffa egedelar og forpliktingar vert innrekna til verkeleg verdi. For kvart oppkjøp, vil ikkje-kontrollerande eigarinteresser bli verdsett anten til verkeleg verdi, eller som ein høvesmessig del av det overtekne selskapet sine identifiserbare egedelar. Transaksjonskostnader vert utgiftsført.

Goodwill vert målt i utgangspunktet som differansen mellom summen av kjøpsvederlaget (og verdien på ikkje-kontrollerande eigarinteresser) og netto verkeleg verdi av overtekne identifiserbare egedelar og forpliktingar. Dersom differansen er negativ, vert den resultatført på rekneskapslina andre gevinstar og tap.

INNETKTSFØRING

Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode blir brukt for balansepostar som blir vurdert til amortisert kost og for fordringar som blir vurdert til verkeleg verdi i balansen. Amortisert kost i resultatet med skilnad i endring i verkeleg verdi og resultatføring etter amortisert kost presentert i utvida resultat. For renteberande balansepostar som blir vurdert til verkeleg verdi over resultatet blir den nominelle renta inntektsført løpande, mens verdiendringar blir regnskapsført ved periodeslutt. Renteinntekter på engasjement som er kredittforringa blir rekna ved bruk av effektiv rente på nedskreven verdi. Renteinntekter på engasjement som ikkje er kredittforringa blir rekna ved bruk av effektiv rente på brutto amortisert kost (amortisert kost før avsetning for forventa tap).

Ørskog Sparebank reknar effektiv rente på to ulike måtar, avhengig av om instrumentet (lånet) er, eller ikkje er, kredittforringa ved første gangs balanseføring. Den effektive renta er den renta som får noverdien av framtidige kontantstraumar i lånet si forventa løpetid til å bli lik bokført verdi av lånet ved første gangs balanseføring. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr, og eventuelt restverdi ved utløp av forventa løpetid. For lån som ikkje er kredittforringa ved første gangs balanseføring nyttar banken kontraktsfesta kontantstraumar utan justering for forventa tap. For lån som er kredittforringa ved første gangs balanseføring korrigerer banken dei kontraktsfesta kontantstraumane for forventa tap. Den effektive renta blir da omtalt som ei kredittjustert effektiv rente.

Renteinntekter på finansielle instrument som er klassifisert som utlån blir inkludert på linja for renteinntekter målt til effektiv rentes metode.

Gebyr og provisjonar blir resultatført etter kvart. Gebyr for etablering av låneavtaler inngår i kontantstraumane ved rekning av amortisert kost og blir inntektsført under netto renteinntekter etter effektiv rentemetode. I andre driftsinntekter inngår mellom anna gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtjenester.

Leigeinntekter inntektsførast løpande etter kvart som dei opptenast.

Resultatføringa skjer når tenestene er levert. Utbytte fra investering blir resultatført på tidspunkt utbyttet er vedtatt på generalforsamlinga.

FINANSIELLE INSTRUMENT – KLASSIFISERING

Klassifisering av finansielle instrument vert gjort på grunnlag av føremålet med anskaffinga og instrumentet sine kjenneteikn.

Finansielle egedelar vert klassifisert som:

- Finansielle instrument vurdert til amortisert kost (AC)
- Finansielle instrument vurdert til verkeleg verdi med verdiendring over ordinært resultat (FVTPL)
- Finansielle instrument over utvida resultat (FVOCI)

Finansielle forpliktingar vert klassifisert som:

- Finansielle forpliktingar til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet
- Andre finansielle forpliktingar målt til amortisert kost

Derivat og investeringar i eigenkapitalinstrument

Banken sin likviditetsportefølje er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet i samsvar med forretningsmodellen som styrer forvaltninga av likviditetsporteføljen (FVTPL). Eigenkapitalinstrument som er definert som strategiske investeringar er klassifisert til verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat (FVOCI).

Derivat i konsernet vert målt til verkeleg verdi med verdiendring i resultatet, men derivata som er utpeika som sikringsinstrument skal rekneskapsførast i samsvar med prinsippa for sikringsrekneskap.

Finansielle egedelar som er gjeldsinstrument

For ordinære gjeldsinstrument vert målekategorien bestemt etter føremålet med investeringa. Gjeldsinstrument som inngår i ein portefølje med føremål å motta kontraktsmessige kontantstraumar i form av renter og avdrag, skal mållast til amortisert kost.

Gjeldsinstrument som inngår i ein portefølje med føremål om å både motta kontantstraumar og foreta sal, skal målast til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat (FVOCI), med renteinntekt, valutaomreknings-effektar og nedskrivningar presentert over ordinært resultat.

Instrument som i utgangspunktet skal målast til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat (FVOCI) kan utpeikast til måling til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet dersom dette eliminerer eller vesentleg reduserer eit rekneskapsmessig misforhold (Fair Value Option/FVO). Renteinstrument i andre forretningsmodellar skal målast til verkeleg verdi over resultat.

Val av forretningsmodell

Banken har på visse vilkår høve til å overføre utlån med pant i bustadeigedom til Eika Boligkreditt AS, men dette vert berre gjort unntaksvis og berre til mindre verdier. Utlån til og krav på kundar, til både Privatmarknad (PM) og Bedriftsmarknad (BM), inngår følgjeleg i ein portefølje som vert halde med føremål å berre motta kontraktmessige kontantstraumar i form av renter og avdrag, og målast difor til amortisert kost (AC).

Innlån og andre finansielle forpliktingar

Finansielle forpliktingar målast til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. I kategorien finansielle forpliktingar til amortisert kost inngår klassane innskot frå og forpliktingar ovanfor kundar og rentebærande forpliktingar som sertifikat- og obligasjonsgjeld.

Utstedt ansvarleg lån har prioritet etter all anna gjeld, og vert innrekna og målt på same måte som annan verdipapirgjeld. Anna finansiell gjeld målast til amortisert kost der forskjellar mellom motteke beløp fråtrekk transaksjonskostnader og innløysingsverdi vert fordelt over låneprosjektet ved bruk av effektiv rentemetode.

FINANSIELLE INSTRUMENT – MÅLING

Første gangs innrekning

Finansielle egedelar og forpliktingar vert innrekna når banken vert part i instrumentet sine kontraktmessige vilkår. Alle finansielle instrument vert målt til verkeleg verdi på handelsdagen ved første gangs innrekning. Transaksjonskostnader som er direkte knytt til etableringa av egedelen/forpliktinga vert medrekna i kostprisen for alle finansielle instrument som ikkje er klassifisert til verkeleg verdi med verdiendringar over ordinært resultat.

Etterfølgjande måling - måling til verkeleg verdi

For alle finansielle instrument som vert omsett i ein aktiv marknad, nyttast den noterte prisen henta frå anten ein børs, meklar eller eit prissettingsbyrå. For finansielle instrument som ikkje vert omsett i ein aktiv marknad, fastsetjast den verkelege verdien ved hjelp av ei eigna verdsettingsmetode. Slike verdsettingsmetodar omfattar bruk av nyleg gjennomførte marknadstransaksjonar på armlengdes avstand mellom velinformerte og frivillige partar, dersom slike er tilgjengelege, tilvising til verkeleg verdi av eit anna instrument som praktisk talt er det same, diskontert kontantstraumberekning eller andre verdsettingsmodellar. I den grad observerbare marknadsprisar er tilgjengelege for variablar som inngår i verdsettingsmodellar, så nyttast desse.

Alle endringar i verkeleg verdi vert innrekna direkte i resultatrekneskapan med mindre egedelen er klassifisert som finansielle instrument til verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat (FVOCI).

Banken har vurdert verkeleg verdi av utlån med flytande rente til å samsvare med nominelt pålydande, justert med tilhøyrande forventa kredittap på lånet (ECL). Dette grunngjevast med at slike lån reprisar tilnærma kontinuerleg, og at eit eventuelt avvik frå nominell verdi i ein armlengdes transaksjon mellom informerte og villige partar vert vurdert som uvesentleg.

Etterfølgjande måling – måling til amortisert kost

Finansielle instrument som ikkje vert målt til verkeleg verdi, målast til amortisert kost, og inntektene/kostnadane vert rekna ut ved bruk av instrumentet si effektive rente. Amortisert kost fastsetjast ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte, marginale transaksjonskostnader som ikkje direkte vert betalt av kunden, samt eventuell restverdi ved utløpet av forventa løpetid. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstraumar diskontert med den effektive renta med frådrag for avsetning for forventa tap.

Etterfølgjande måling – måling av finansielle garantiar

Utsendte finansielle garantiar vert vurderte til verkeleg verdi, som ved første gangs rekneskapsføring vert rekna

som mottatt vederlag for garantien. Ved etterfølgjande måling vert utsendte finansielle garantiar vurdert til det høgste beløpet av mottatt vederlag for garantien med frådrag for eventuelle resultatførte amortiseringar og forventa tap berekna etter reglane for nedskriving av finansielle eigedelar.

NEDSKRIVING AV FINANSIELLE EIGEDELAR

Modellen for nedskrivingar av finansielle eigedelar omfattar finansielle eigedelar som målast til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendingar over andre inntekter og kostnader.

Eit finansielt instrument som ikkje er kredittforringa vil ved første gangs balanseføring få ein avsetning for tap tilsvarande 12-månaders forventa tap, og klassifiserast i steg 1. 12-månaders forventa tap er noverdien, bestemt ved bruk av den effektive renta, av det tapet som er forventa å inntreffa over levetida til instrumentet, men som kan knyttast til mislighald som inntreff dei første 12 månadene. Dersom kreditttrisikoen, vurdert som sannsynet for mislighald over gjenværande levetid for ein eigedel eller gruppe av eigedelar, er ansett å ha auka vesentleg sidan første gangs innrekning, skal det gjerast ein tapsavsetning tilsvarande noverdien, bestemt ved bruk av den effektive renta, av det tapet som er forventa å inntreffa over heile den forventa levetida til eigedelen, og eigedelen skal reklassifiserast til steg 2. For utlån klassifisert i høvesvis steg 1 og 2 vert renta berekna basert på brutto balanseført verdi, og avsetninga for tap er normalt modellbasert. Dersom det oppstår ei kredittforringing, skal instrumentet flyttast til steg 3 og tapsavsetningane setjast normalt på individuell basis. For ytterlegare beskriving av nedskrivingsmodellen vert det vist til note 5.

Konstatert tap

Tap vert ansett som konstatert ved stadfesta akkord eller konkurs, ved at utleggsforretningar ikkje har ført fram, ved rettskraftig dom, eller for øvrig ved at banken har gitt avkall på heile eller delar av engasjementet, eller at engasjementet vert vurdert som tapt av banken. Banken frårekner engasjementet i balansen når det vert konstatert tapt. Konstaterte tap som er dekte ved tidlegare avsetningar vert ført mot avsetningane. Konstaterte tap utan dekning i avsetningane samt over- eller underdekning i høve til tidlegare avsetningar vert resultatført. Sjå note 11 for ytterlegare informasjon knytt til totalt uteståande beløp som er konstatert/frårekna i balansen.

FINANSIELLE INSTRUMENT – FRÅREKNING OG MODIFISERING

Finansielle eigedelar vert frårekna når dei kontraktsmessige rettane til kontantstraumar frå dei finansielle eigedelane utløper, eller når føretaket overfører den finansielle eigedelen i ein transaksjon der all eller tilnærma all risiko og fortjenestemoglegheiter knytt til eigarskap av eigedelen vert overført. Finansielle forpliktingar vert frårekna på det tidspunkt rettane til dei kontraktsmessige vilkåra er innfridd, kansellerte eller utløpt.

Dersom det vert gjort modifiseringar eller endringar i vilkåra til ein eksisterande finansiell eigedel eller forplikting, vert instrumentet behandla som ein ny finansiell eigedel dersom dei reforhandla vilkåra er vesentleg forskjellige frå dei gamle vilkåra. Dersom vilkåra er vesentleg forskjellige, vert den gamle finansielle eigedelen eller forpliktinga frårekna, og ein ny finansiell eigedel eller forplikting innrekna. Generelt vert eit utlån vurdert til å vere ein ny finansiell eigedel dersom det vert utstedt ny lånedokumentasjon, samtidig som det vert føretatt ny kredittprosess med fastsetjing av nye lånevilkår.

Dersom det modifiserte instrumentet ikkje vert vurdert til å vere vesentleg forskjellig frå det eksisterande instrumentet, vert instrumentet rekneskapsmessig ansett å vere ei vidareføring av det eksisterande instrumentet. Ved ei modifisering som vert rekneskapsført som ei vidareføring av eksisterande instrument, vert dei nye kontantstraumane diskonterte med instrumentet si opphavlege effektive rente, og eventuell forskjell mot eksisterande balanseført beløp vert resultatført over ordinært resultat.

MOTREKNING

Finansielle eigendeler og finansielle plikter blir motrekna og presentert berre når banken har juridisk rett til å motrekne og når banken skal gjere opp på nettogrunnlag. Inntekter og kostnader blir ikkje motrekna med mindre det er påkravd eller lov i høve IFRS.

VALUTA

Rekneskapan blir presentert i norske kroner, som er banken sin funksjonelle valuta.

ØVRIGE FORPLIKTINGAR

Avsetning til forpliktingar blir føretatt når banken har ein forpliktelse basert på ein tidlegare hending, det er sannsynleg at forpliktelsen vil bli oppgjort finansielt og at forpliktelsen kan estimerast påliteleg.

VARIGE DRIFTSMIDDEL

Varige driftsmiddel inkluderer bygning, tomter og driftslausøre, og er vurdert til anskaffelseskost minus akkumulerte avskrivningar og nedskrivning. Anskaffelseskost for varige driftsmiddel er kjøpspris, inkludert avgifter /skattar og kostnader direkte knytt til å sette anleggsmiddelet i stand for bruk. Utgifter som kjem etter at driftsmiddelet er tatt i bruk, slik som vedlikehald blir ført over resultatet, medan utgifter som er forventa å gje framtidige økonomiske fordeler, blir ført over balansen. Det er brukt lineære avskrivningar for å allokere kostpris over brukstida til driftsmiddelet.

NEDSKRIVNING AV VARIGE DRIFTSMIDDEL

Dersom ein ser at det ligg føre indikasjonar på fall i varige driftsmiddel, vil banken estimere det gjenvinnbare beløpet for å rekne på eventuell nedskrivning. Gjenvinnbart beløp er verkeleg verdi med frådrag for salskostnadar og bruksverdi.

Eigendelen sin balanseførte verdi blir nedskreven dersom balanseført verdi er høgare enn estimert gjenvinnbart beløp.

SKATT

Skattekostnad inkluderer betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt/skattefordel er kalkulert på for alle skilnader mellom rekneskapsmessig og skattemessig verdi på eigendeler og gjeld, samt underskott til framføring.

Utsett skattefordel er ført i rekneskapan når det er truleg at banken vil ha skattemessige overskot i seinare periodar til å gjere nytte av skattefordelen. Banken rekneskapsfører tidlegare ikkje rekneskapsført utsett skattefordel dersom det er truleg at banken kan nytte seg av den utsette skattefordelen. Likeins vil banken redusere utsett skattefordel om banken ikkje lenger ser det som truleg at ein kan nyttiggjere seg av den utsette skattefordelen.

Utsett skatt og utsett skattefordel er målt med basis i venta framtidige skattesatsar og skattereglar som gjeld på balansedagen, eller ein ventar blir bestemt og som ein antar blir nytta når den utsette skattefordelen blir realisert eller oppgjort. Betalbar skatt og utsett skatt er ført direkte mot eigenkapitalen i rekneskapan i den grad postane relaterer seg til eigenkapitaltransaksjonar. Her er eit unntak av fondsobligasjonar der skatteeffekten av rentekostnaden blir ført i ordinært resultat og konsernbidrag frå mor- eller søsterselskap som blir ført over resultatet.

EIGENKAPITAL

Eigenkapital består av sparebankens fond, gåvefond/kundeutbytte, fond urealiserte gevinstar og ikkje-kontrollerande eigarinteresser.

Utsendte fondsobligasjonar er obligasjonar med pålydande rente, men banken har ikkje plikt til å utbetale renter i ein periode der det ikkje vert utbetalt utbytte, og investor har heller ikkje seinare krav på renter som ikkje er utbetalt. Fondsobligasjonar møter ikkje definisjonen av ei finansiell forpliking i høve til IAS 32 og klassifiserast derfor som eigenkapital (fondsobligasjonskapital) i bankens balanse. Fondsobligasjonane er evigvarande, og banken har ein einseitig rett til ikkje å betale renter til investorane under gitte vilkår. Renter vert dermed ikkje presentert som ein rentekostnad i resultatet, men som ein reduksjon av eigenkapital.

HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Det er tatt omsyn til ny informasjon om forhold som eksisterte på balansedagen. Hendingar etter balansedagen som ikkje vil påverke bankens sin finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverke banken si finansielle stilling i framtida er opplyst om dersom dette er vesentleg.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med utgangspunkt i kontantstraumar frå operasjonelle -, investerings- og finansieringsaktivitetar etter direkte metode. Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar er definert som alle inn- og utbetalingar knytt til utlån- og innskot mot kundar og kredittinstitusjonar, inn- og utbetalingar frå kortsiktige verdipapir, samt utbetalingar frå kostnader knytt til den ordinære operasjonelle verksemda. Investeringsaktivitetar er definert som kontantstraumar frå langsiktige verdipapirtransaksjonar, - samt investering i driftsmiddel og eigendomar. Kontantstraumar frå utsending og nedbetaling av ansvarlege lån, obligasjonsgjeld og eigenkapital er definert som finansieringsaktiviteter. Omgrepet likvider omfattar kontantar og fordringar på Norges Bank.

NOTE 2 – Bruk av estimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med IFRS krev at leiinga i nokre tilfelle må ta føresetnader og bruke estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimater og skjønsmessige vurderingar blir evaluerte løpande, og er baserte på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som blir rekna som sannsynlege på balansedagen. Det er knytt usikkerheit til dei føresetnadene og forventningane som ligg til grunn for brukte estimat og skjønsmessige vurderingar. Faktiske framtidige utfall kan avvike frå estimata og føresetnadene.

NEDSKRIVING PÅ UTLÅN OG GARANTAR

For individuelt vurderte utlån og for grupper av utlån som er identifiserte som usikre, blir det gjort ei berekning for å fastslå ein verdi på utlånet eller på grupper av utlån. Store og spesielt risikable, samt kreditt-forringa engasjement blir gjennomgått kvartalsvis. Lån til privatpersonar blir gjennomgått når dei er mislighaldne og seinast etter 90 dagar, eller dersom dei har ein særskild dårleg betalingshistorikk. Berekninga føreset at det blir brukt storleikar som er baserte på vurderingar, og desse påverkar godheita i den berekna verdien.

Steg 3 nedskrivningar (individuelle nedskrivningar)

Dersom det finst objektive bevis på at ei kredittforringing har skjedd for utlån vurdert til amortisert kost, blir tapet berekna som forskjellen mellom balanseført verdi og noverdien av estimerte framtidige kontantstraumar diskontert med utlånet sin opphavlege effektive rentesats. Estimering av framtidige kontantstraumar blir gjort på grunnlag av erfaringsdata og skjønn relatert til sannsynlege utfall for blant anna marknadsutvikling og konkrete forhold for det enkelte engasjement, inkludert erfaringsdata for låntakar sin evne til å handtere ein pressa økonomisk situasjon. Ved verdivurderinga av nedskrivning på utlån er det usikkerheit ved identifiseringa av utlån som skal bli skrevet ned, estimering av tidspunkt og beløp for framtidige kontantstraumar, samt verdivurdering av sikkerheiter.

Steg 1 og 2 nedskrivningar (statistiske nedskrivningar)

Engasjement som ikkje er individuelt nedskrivne, inngår i berekninga av statistiske nedskrivningar på utlån og garantiar. Nedskrivning blir berekna på grunnlag av utviklinga i kundenes risikoklassifisering og tapserfaring for dei respektive kundegruppene (PD og LGD), samt forventa konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold). Sjå ytterlegare beskrivingar i avsnittet Nedskrivningsmodell i banken i note 5. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, inkludert mislighaldssannsyn, tap ved mislighald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. På grunn av betydeleg estimatusikkerheit er det krav om å vise sensitivitetsanalysar gitt endring i ulike parameter, og dette kjem fram i note 13.

VERKELEG VERDI FOR FINANSIELLE EIGENDELAR

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje er noterte i eit aktivt marked (nivå 2 og 3) er verdsett ved bruk av verdsetjingsteknikkar, og slike verdsetjingar vil vere knytte til usikkerheit. Verdsetjingsteknikkar (for eksempel modellar) som er brukte for å bestemme verkeleg verdi blir vurderte periodisk opp mot utvikling i verdi av liknande instrument, og gjennomførte transaksjonar i same papir. I den grad det er praktisk mogleg blir observerbare data brukte, men på område som kredittrisiko, volatilitet og korrelasjonar må det brukast estimat. Endring i føresetnadene om desse faktorane kan påverke verkeleg verdi på finansielle instrument. Sjå note 26 for sensitivitetsberekningar.

NOTE 3 - Risikostyring

Banken sine aktivitetar fører til at ein er eksponert for ei rekke finansielle risikofaktorar. Banken si målsetjing er å oppnå ein god balanse mellom avkastning og risiko, og å minske potensielle negative effektar på det rekneskapsmessige resultat. Banken si finansielle risikostyring er laga for å identifisere og analysere disse risikoane, samt å etablere passande risikorammer og -kontroller, og å overvake etterlevinga gjennom bruk av pålitelege og oppdaterte informasjonssystem. Banken vurderer jamleg dei etablerte retningslinene for risikostyring og systemet som er etablert for å sikre at endringar i produkt og marknader blir reflektert i risikorammene.

Ansvaret for banken si risikostyring og kontroll er delt mellom bankens styre og leiinga. Styret vedtar banken sine mål og rammestruktur innanfor alle risikområder, også retningsliner for styring av risiko.

Banksjef har ansvaret for bankens samla risikostyring. Alle vedtak knytta til risiko og risikostyring blir normalt gjort av banksjef i samråd med øvrige medlemmene i leiargruppa.

Alle leiarar i banken har ansvar for å styre risiko og sikre god intern kontroll innanfor eige område i tråd med banken sin vedtekne risikoprofil.

KREDITTRISIKO

Banken tek kreditt risiko, som er risikoen for at motparten vil påføre banken eit tap ved ikkje å gjere opp bankens tilgodehavande. Kreditteksponering er primært knytt til uteståande lån og gjeldspapir. Det er også kreditt risiko knytt til «off-balance» finansielle instrument som lånetilsegn, unytta kreditt og garantiar.

Sjå note 5-13 for vurdering av kreditt risiko.

LIKVIDITETSRISIKO

Med likviditetsrisiko meiner en risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri sine plikter ved forfall. Det betyr også risikoen for at banken ikkje klarer å møte sine likviditetsplikter utan at kostnaden aukar dramatisk. I utvida forstand tyder likviditetsrisiko også risiko for at banken ikkje er i stand til å finansiere auka utlån etter kvart som refinansieringsbehovet aukar. Likviditetsstyringa tar utgangspunkt i bankens overordna likviditetspolicy som styret vedtek. Likviditetspolicyen blir revidert årleg. Banken sine rammer og retningslinjer for likviditetsrisiko gjenspeglar banken sin konservative risikoprofil på området. Banken sine innskot kjem i hovudsak frå heilkundar i banken sitt marknadsområde.

Under korona-pandemien vart rentene haldne historisk låge, og mykje likviditet vart kanalisert til aksje- og fondsmarknaden. Med stigande renter har det vore ei auka interesse i bank-marknaden for innskot som aktivaklasse. Banken har i 2024 haldt fram med å bruke Fixrate som ei kjelde til å hente bankinnskot.

Sjå note 14 for vurdering av likviditetsrisiko.

MARKNADSRISIKO

Banken er eksponert for marknadsrisiko, som er risikoen for at verkeleg verdi av framtidige kontantstraumar knytt til finansielle instrument vil bli endra pga. endringar i marknadsprisar. Marknadsrisiko er knytt til opne posisjonar i rente-, valuta og aksjeprodukt som er eksponert mot endra marknadsprisar og endringar i volatiliteten til prisar som rentesatsar, kredittspreader, valutakursar og aksjepriser.

Styring av marknadsrisiko tar utgangspunkt i styrevedteken policy for marknadsrisiko der det er satt rammer for eksponering innan ulike risikokategoriar. Risikoeksponering og -utvikling blir overvaka og rapportert periodisk til styret i banken, leiging og myndigheiter via IRRBB – rapportering.

Verdien på banken si likviditetsportefølje blir prega av eit aukande rentenivå. Banken har sett vekk forvaltninga til Eika Kapitalforvaltning som har høg kompetanse og sitt tett på marknaden.

Sjå note 15-17 for vurdering av marknadsrisiko.

OPERASJONELL RISIKO

Risikoen for tap kan oppstå på grunn av svakheiter eller feil i prosesser og system, eller menneskelege feil. Styring av operasjonell risiko tar utgangspunkt i bankens policy for operasjonell risiko og internkontroll. Det blir gjennomført risikovurderingar både på overordna nivå, men også for ulike prosessar som banken er eksponert for. Hendingar som har innverke, eller kan innverke banken si lønnsemd og/eller omdømme blir følgt opp systematisk. I tillegg til at det blir gjort ei årleg gjennomgang av vesentlege operasjonelle risiker og kontrolltiltak, gjer leiinga ei løpande vurdering av operasjonelle risikohendingar og setter i gang ytterlegare risikodempande tiltak ved behov. Det blir rapportert operasjonelle tapshendingar og internkontrollavvik til leiinga og styret.

FORRETNINGSRISIKO

Risiko for tap på grunn av endringar i eksterne forhold som marknadssituasjonen eller styresmaktene sine reguleringar. Risikoen inkluderer også omdømmerisiko. Styring og kontroll med banken sin forretningskikkrisiko er basert på banken sin styrefastsette policy. Det ligg til alle tilsette å bidra til at kunden sitt behov og retter blir tatt vare på ein god måte, gjennom en fagleg god og redeleg handsaming av kundane som sikrar at banken sine kundar kan ta bevisste og velinformerte val.

ESG RISIKO

Risiko relatert til miljø, samfunnsansvar og selskapsstyring går inn i omgrepet ESG risiko i lag med klimarisiko. Klimarisiko inkluderer risiko for auka kredittrisiko og finansielle tap for banken som følge av klimaendringar. Banken gjer årlege vurderingar av kvar einskild bedriftskunde der ESG og klimarisiko inngår.

Det er først og fremst relatert til utlån til bedriftsmarknaden at det er identifisert klimarisiko. Dette er både relatert til fysisk risiko, men også overgangsrisiko frå dagens situasjon til et samfunn med mindre utslepp av klimagassar. Derfor er vurdering av berekraft og klimarisiko innlemma i banken sin kredittprosess. Banken er lite eksponert mot olje og gassnæringa, men næringseigedom, bygg og anlegg samt landbruk er dei sektorane som har mest klimarisiko i banken si portefølje. Samstundes er det moglegheiter for positiv innverknad frå bankens sine rådgjevarar i desse bransjane.

KONSENTRASJONSRIKISO

Konsentrasjonsrisiko er risikoen for at banken har ei eksponering mot debitorar eller verdipapir med liknande økonomiske eigenskapar, eller frå kundar som er involverte i samanliknbare aktivitetar der desse likskapane kan gjere at dei samtidig får problem med å halde betalingsforpliktingane sine, eller at verdiane svingar i takt slik at dersom ein kunde får problem, vil potensielt mange kundar få problem på grunn av likskapen.

For å vurdere og styre konsentrasjonsrisiko vurderer banken følgjande forhold ved utlånsportefølja:

- Store enkeltkundar
- Enkelte bransjar (næringsgrupper med spesifikke utfordringar eller sykliske næringar)
- Geografiske område
- Tryggleik med same risikoeigenskapar (f.eks. avhengig av eigeomsprisar)

Banken nyttar same metode som Finanstilsynet for berekning av konsentrasjonsrisiko for individuell- og bransjerisiko. I tillegg vurderer banken konsentrasjonsrisiko knytt til store enkeltengasjement. Banken definerer store engasjement som engasjement som overstig 10 % av bankens ansvarlege kapital. Sjå note 12 for meir informasjon.

COMPLIANCE(ETTERLEVING) RISIKO

